



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Regional plan for attraktive senter i Hordaland

– senterstruktur, tenester og handel

## **Høringsrapport**

Etter offentlig høring av planforslag 2014

Regionalavdelinga, Planseksjonen  
Oktober 2014

# Innhold

1. Innleiing .....	4
2. Overordna drøfting av innspel .....	5
3. Høyringsmøte 05.juni 2014 .....	15
4. Oppsummering av skriftlege høyringsinnspel – med tilrådingar .....	17
<b>4.1 Kommunar</b> .....	17
Askøy kommune .....	17
Austrheim kommune .....	18
Bergen kommune .....	19
Etne kommune .....	22
Fjell kommune .....	23
Gulen kommune .....	24
Haugesund kommune .....	24
Kvam herad .....	25
Kvinnherad kommune .....	25
Lindås kommune .....	25
Meland kommune .....	26
Odda kommune .....	28
Os kommune .....	29
Osterøy kommune .....	29
Radøy kommune .....	30
Samnanger kommune .....	31
Samarbeidsrådet for Sunnhordland .....	31
Stord kommune .....	33
Sund kommune .....	34
Sveio kommune .....	35
Vaksdal kommune .....	36
Voss kommune .....	36
Øygarden kommune .....	37
<b>4.2 Regionale statsetatar</b> .....	39
Den norske kyrkja .....	39
Fylkesmannen i Hordaland .....	39
Jernbaneverket .....	41
Statens vegvesen .....	41
<b>4.3 Næringsaktørar</b> .....	43
Hovedorganisasjonen Virke .....	43
Lagunen storsenter .....	43
Stord Næringsråd .....	44
Vest næringsråd .....	46
<b>4.4 Andre</b> .....	47
Aanderud, Leif (privatperson) .....	47

Demokratene Askøy .....	48
Forbrukerrådet .....	49
Fylkeseldrerådet .....	49
Hordaland Musikkråd .....	50
Hæggernæs, Kurt J. (privatperson).....	50
Innbyggjarinitiativet Bevar Straume.....	51
Kleppestø Vel .....	52
Kulturhusgruppen Askøy.....	53
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.....	54
Ungdommens fylkesutval .....	55
<b>5. Adressatar for høyringa .....</b>	<b>56</b>

# 1. Innleiing

Fylkesutvalet vedtok 20.mai 2014 (sak 108/2014) å sende på høyring og leggje ut til offentleg ettersyn styringsgruppa sitt forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, etter tilråding frå kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og opplærings- og helseutvalet.

Høyringsperioden var 1. juni til 22. august 2014, men med utvida frist til 1.oktober for kommunar som ønskte meir tid til å handsame planforslaget i politiske organ.

Liste over adressatar for høyringa kan lesast til sist i rapporten. Høyringa har også vore annonsert på fylkeskommunen sine nettsider og kunngjort i Bergens Tidende og Haugesunds avis. Høyringsinnspel kunne sendast inn skriftleg per brev, e-post eller via elektronisk høyringsskjema på nett.

Det har kome 42 skriftlege høyringsinnspel til planforslaget i høyringsperioden; frå 22 kommunar samt Samarbeidsrådet for Sunnhordland, 4 regionale statsetatar, 4 næringsaktørar og 11 andre.

I denne rapporten har planseksjonen i fylkeskommunen gjort ei oppsummering av hovudmoment i alle høyringsinnspela med planfagleg vurdering av oppfølging (sjå del 4 i rapporten). Innspela er vurdert i høve til om planforslaget bør endrast før endelig vedtak av planen i fylkestinget.

Høyringsinnspela gir i hovudsak tilslutning til mål og verkemiddel i planforslaget, men innspel set også fram ønske og krav om endring på nokre sentrale punkt. I del 2 i rapporten er det gjort ei overordna drøfting av innspel og tilrådde endringar av planen på bakgrunn av høyringa.

Det vart arrangert ope høyringsmøte med presentasjon av planforslaget 05.juni 2014. Innspela som vart fremja på høyringsmøtet kan lesast i del 3 i rapporten.

Dei fullstendige innspela kan lesast i samledokument med alle 42 høyringsinnspela i fulltekst.

Innspel frå avdelingar internt i Hordaland fylkeskommune er samla i ein eigen rapport.

## 2. Overordna drøfting av innspel

I teksten under drøftast hovudmoment i høyringsinnspela som er mottatt med tilhøyrande kommentar/tilråding til om planforslaget bør endrast som følgje av innspela. For fullstendig oversikt over alle mindre endringar – sjå del 4 i rapporten og forslag til endeleg plan.

Teksten er inndelt etter dei fem kapitla/plantema i planforslaget, samt generelle innspel (A-F).

### A) Generelt

#### Positiv grunnhaldning til planforslaget

Mange høyringsinnspel uttrykker ein positiv grunnhaldning og generell støtte til planforslaget slik det føreligg – dette gjeld også ein del av dei innspela kor det blir sett fram krav om endringar i planen. Planforslaget blir omtala som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland, med oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld tettstadutvikling. Det blir peika på at planen tar opp ein rekke aktuelle problemstillingar, er lesarvenleg og lett for kommunane å ta til seg og bruke, vil vere eit godt styringsverktøy og vil bidra til å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging.

Kommentar/tilråding: Takast til orientering.

#### Regional plan og det kommunale handlingsrommet

Eit generelt høyringsinnspel som gjeld alle kapitla i planen er forholdet mellom overordna føringar lagt i regional plan og den kommunale sjølvråderetten. Av kommunane er det Meland, Askøy og Fjell som skil seg ut som dei mest kritiske til at regional plan skal ha påverknad på kommunale planar gjennom retningslinjer og føresegn. Nokre innspel er kritiske til bruken av ordet «skal» i dei regionale retningslinjene og meiner dette ordet er for strengt. Andre er nøgd med planen som han føreligg, men finn grunn til å understreke, som nemnd i planen, at han er rettleiande og krev lokal tilpassing. Andre, som t.d. Samarbeidsrådet for Sunnhordland, skriv eksplisitt at planforslaget generelt sett ikkje har for mange restriksjonar.

Kommentar/tilråding:

Eit generelt svar på innspel om at planen går for langt i å avgrense det kommunale handlingsrommet, er at det er kommunen som er planmyndigheit på lokalt nivå. Samstundes er regionale planavklaringar viktige for gjennomføring av både nasjonal, regional og kommunal miljø- og arealpolitikk. Fylkeskommunen er regional planmyndigheit og ein regional plan skal ivareta den oppgåva og det ansvaret fylkeskommunen har som regional utviklingsaktør (Kjelde: *Planlegging etter plan og bygningsloven, Miljøverndepartementet, 2009*). Ein regional plan skal verke samlande ved å ta tak i viktige utviklingsoppgåver og setje opp felles mål. Høyringsinnspela uttrykte i høg grad støtte til måla i forslaget til Regional plan for attraktive senter – gjennom felles målsettingar kan ein lettare dra i same retning.

Med unntak av regionale føresegn for handelsetablering i kapittel 4, så inneheld planforslaget regionale retningslinjer. Retningslinjene er meint å styrke kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive senter. Ein viktig grunn for å presentere regional politikk gjennom retningslinjer er å lage ein regional plan som er føreseieleg, konkret og lett å bruke. Det har vore eit mål at retningslinjene i planen skal vere klare og tydelege. Når det gjeld bruk av ordet «skal» så er det nytta i plandokumentet på ein medviten måte – mellom anna for å unngå mogleg språkleg mistyding (eit ord som «bør» kan vere uklart og kan tydst både som «skal» og berre som eit «godt råd»). Tydelege retningslinjer vil skape føreseie og likebehandling for alle senterområda i fylket. Både *Regional plan for folkehelse* og *Klimaplan for Hordaland* presenterer regional politikk gjennom regionale retningslinjer med «skal/må»-formuleringar.

Retningslinjer er retningsgivande og ikkje absolutte – verken i regionale eller kommunale planar. Retningslinjer kan nyttast som grunnlag for motsegn dersom nasjonale- og viktige regionale interesser vert råka. Når regionale myndigheiter er høyringspart i kommunale reguleringsplansakar skal saka alltid vurderast heilskapleg og eventuelle motsegn skal alltid ha ei konkret og stadstilpassa grunngeving.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

## B) Kapittel 1 – Hovudmål, strategiar og senterstruktur

### Generell støtte til mål, strategiar og senterstruktur

Mange innspel sluttar seg til målet om å skape attraktive senter, og til hovudpunkt i delmål og strategiar. Fleire innspel er på generell basis positiv til senterstrukturen som ligg i planforslaget. Det blir peika på at Regional plan for attraktive senter har ein viktig funksjon i å fastsetje regionale hovudsenter og leggje rammer for arbeidsdelinga mellom fylkessenter, regionsenter og kommunesenter. Ein del innspel sett fram ønskje om at planforslaget gjekk djupare og meir konkret inn i tematikken kring senterstruktur på ulike punkt.

Kommentar/tilråding: Takast til orientering – sjå elles punkta under for nærare drøfting av temaet senterstruktur.

### Regionsenter – tema i mange høyringsinnspel

Generelt sett viser høyringsinnspela at fordelinga av regionsenter i fylket er eit tema som engasjerer og som er viktig for kommunane – både dei med og utan regionsenter i sin kommune. Fleire er også opptekne av kva eit regionsenter skal vere, og ønskjer å ha eit sterkt regionsenter i kommunen eller i regionen. Til dømes Lindås kommune ser det som viktig at statlege og regionale instansar tek aktiv del i å styrke regionsentera gjennom aktivitetar under sine ulike ansvarsområde. Næringsaktøren Virke skriv at næringa støttar nye regionsenter og styrking av eksisterande regionsenter, og at dette er viktig for å handtere venta befolkningsvekst. Fylkesmannen i Hordaland støttar nye regionsenter Kleppestø og Husnes.

Ein del kommunar understrekar at det er ein balansegang mellom å styrke regionsenter og å ivareta tilbod også utanfor regionale senter. Mellom anna kommunane Austrheim, Radøy og Osterøy (alle utan regionsenter) peikar på at økonomiske tilskot og ressursar ikkje berre må fordelast til regionsentera. Odda kommune saknar nærare vurderingar og kartfesting av kva som er funksjonsmessige/faktiske omland til dei ulike regionsentera. Fleire innspel trekk fram planens tiltak 1.1 (Samspel mellom regionsenter og omland – analyse) som interessant.

Kommentar/tilråding:

Planen fastsett regionsenter i fylket, men støttar også opp om livskraftige kommune- og lokalsenter. Hovudmålet i planen om attraktive senter gjeld heile fylket. Bruken av verkemiddel vil ta utgangspunkt i dei overordna målsetjingane – for ulike typar senter vil ulike verkemiddel vere aktuelle. Planen legg vekt på at kommunane sjølve skal vedta ein senterstruktur for kommunen som eit godt og føreseieleg grunnlag for vidare utvikling og framtidretta transportplanlegging. Nærare vurdering av funksjonsmessige/faktiske omland til dei ulike regionsentera vil bli eit punkt i analysane som er planlagd gjennom planens tiltak 1.1 (Samspel mellom regionsenter og omland), og elles gjennom handelsanalysar i kommunale arealplanar. Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

### Nytt regionsenter – Kleppestø

Forslag om Kleppestø som nytt regionsenter får direkte støtte av Askøy kommune som er tilfreds med at kriteria for etablering av regionsenter er revidert og endra, og at Kleppestø er foreslått som nytt regionsenter. Fylkesmannen støttar forslaget. Fjell kommune støttar forslaget.

Privatperson Leif Aanderud på vegne av 7 familiar og 3 grunneigarar på Maltvikaneset på Kleppestø, privatperson Kurt J. Hæggernæs, Demokratene Askøy og Kleppestø Vel er sterkt kritiske til at Kleppestø blir regionsenter. Deira argument går i hovudsak på at Kleppestø ligg for nært Bergen, ikkje er stadsmessig eigna / at der ikkje finst nok areal, at slik status vil gi ei utvikling som vil ramme innbyggjarar på Kleppestø negativt, at ein ikkje ønskjer regional innblanding i utviklinga av kommunen, at utvikling lenger nord i kommune er meir aktuelt / meir ønskeleg og at ein ikkje vil få nye tenestetilbod til Kleppestø gjennom regionsenterstatus. Ein ønskjer at den regionale planen ikkje blir vedtatt før etter valet i 2015, då innbyggjarane har fått stemme over den vidare utviklinga i Kleppestø.

Kommentar/tilråding:

Askøy har i dag stor folketalsvekst og høg grad av utpendling. Lokalt tenestetilbod, lokal handel og arbeidsplassar nær der folk bur kan bidra til velfungerande lokalsamfunn, eit enklare kvardagsliv for folk og redusert transportarbeid. Planen byggjer på ein intensjon om at gode regionsenter med eit mangfald av tilbod kan vere ei berekraftig løysing – også nær fylkessenteret Bergen. Kleppestø fell innanfor kriteria for regionsenter sett opp i planen. Å utpeike Kleppestø til eit regionsenter og eit viktig kollektivt knutepunkt, kan vere eit godt grep for utvikling på Askøy og for å redusere transportarbeidet i Bergensområdet. Det er kommunen som lokal planmyndigheit som vedtek den konkrete reguleringsplanen for vidare utvikling og utbygging av Kleppestø-området. Gjennom den kommunale reguleringsplanprosessen skal ein vekte positive og negative konsekven-

sar for miljø og samfunn opp mot kvarandre, før ein tar ei avgjerd om utbygging. Til høyringa av den kommunale reguleringsplanen for Kleppestø vil både innbyggjarar, offentlege etatar, næringsliv og andre kunne kome med konkrete innspel og påverke korleis Kleppestø som senter på Askøy vil bli utforma. Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Nytt regionsenter – Husnes

Forslag om Husnes som nytt regionsenter får direkte støtte av Kvinnherad som skriv at av omsyn til likeverdig tenestetilbod og vekst i heile fylket er det viktig at Husnes får status som regionsenter. Fylkesmannen støttar forslaget. Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar opp om Husnes som regionsenter, men presiserer at Leirvik er regionsenter for Sunnhordland og at Husnes blir regionsenter for Kvinnherad. Nokre innspel uttrykker skepsis til Husnes som regionsenter. Stord kommune kan ikkje sjå at konsekvensane for Leirvik som regionsenter, som følgje av Husnes som nytt regionsenter, er godt nok utgreidd. Stord Næringsråd meiner klart at Sunnhordlandsregionen er tent med å samlast kring eitt sterkt regionsenter, at planens kapittel 1.3 Senterstruktur i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd og at argument om (for) lang reiseavstand frå Kvinnherad til eksisterande regionsenter ikkje er reellt.

#### Kommentar/tilråding:

Balansen mellom talet på regionsenter og reiseavstand for befolkninga har vore eit sentralt drøftingspunkt i planarbeidet og tema for fleire analyser (sjå t.d. Hordaland fylkeskommune, *Senterstruktur i Hordaland – Utfordringsnotat til temamøte 23.januar 2014*, Planseksjonen 2014). Ein ønskte gjennom planen å opprette nye regionsenter der det fanst større befolkningskonsentrasjonar utan god tilgang til eit regionsenter. Kvinnherad peika seg ut i analysane som ein slik region og fell innanfor krava om 10.000 innbyggjarar i regionsenteromlandet. I *Norsk institutt for by- og regionforskning* si inndeling av Noreg i bu- og arbeidsmarknadsregionar for 2013 er Kvinnherad og Stord to ulike regionar.

Senteret Husnes har i dag regionale funksjonar og det bur mange i området kring Husnes. Ikkje mange pendlar mellom Stord og Kvinnherad. Reisetida Leirvik-Husnes er i dag på over 1 time, utan å inkludere ventetid fram til ferjeavgang – fergjesamband på strekninga gjer i tillegg at reisa Leirvik-Husnes kan opplevast som lite fleksibel. Reisetida Husnes-Odda sentrum er i dag på godt over 1 time. Regional plan for attraktive senter byggjer på prinsipp om at brukarar skal kunne få dekkja behovet for tenester og handel nærast mogleg, innan samfunnsøkonomisk forsvarlege rammer, slik at transportbehovet blir minst mogleg.

I gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur var delar av Kvinnherad lagt til Odda sentrum som regionsenter. I Regional plan for attraktive senter ønskte ein ikkje å splitte eksisterande forvaltningseiningar (dvs. kommunar) mellom ulike regionsenter. Basert på folketalsframskriving fram mot 2030 og dagens situasjon har Leirvik eit solid befolkningsgrunnlag som regionsenter. Sjølv med noko mindre omland syner analyser at Leirvik fortsatt vil vere blant dei «større» regionsentera med høgt folketal i omlandet og viktige statlege funksjonar i regionen, medan Husnes vere blant dei mindre regionsentera. Planskildringa til den regionale planen peikar på at ein senterstruktur ikkje er statisk, og at eit moment som framtidige samferdselsprosjekt kan leie til endringar av senterstrukturen i framtida.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Regionsenter i Stord kommune – Leirvik eller Stord?

Stord næringsråd meiner det er viktig at fylkeskommunen sine planar harmonerer med dei planane som er vedtatt av kommunestyret i Stord, kor det er Stord som er definert som regionsenter. Leirvik er ein tettstad, trafikknutepunkt og sentrum i byen Stord.

#### Kommentar/tilråding:

I eksisterande *Fylkesdelplan for senterstruktur* frå 2002 er det Leirvik som er definert som regionsenter i dei fylkespolitiske retningslinene (del 6, pkt 2.2). Regionsenter i fylket blir utpeika gjennom regional plan. Ein ønskjer regionsenter med klart definert utstrekning og regionsenter der det ikkje kan oppstå mistydingar om kva for tettstad/by ein refererer til. Utstrekninga for «byen Stord» framstår som for uklar til at bynamnet Stord er velegna som regionsenter i den regionale planen. Om heile kommunen Stord er tenkt som regionsenter bryt dette med kva eit regionsenter er i resten av fylket. Eit regionsenter er ein tettstad/senter som har eit definert omland. Den regionale planen legg opptil at sentrum i tettstaden («regionsenteret») har ei retningsgivande utstrekning på inntil 800m frå ytterkant til ytterkant. Ein klar senterstruktur og sentrumsutstrekning vil skape føreseie mellom anna for private aktørar. Den regionale planen byggjer på ein intensjon om at det skal vere enkelt å etablere detaljhandel i senter, og mindre enkelt utanfor senter. Sjå også drøfting under mellomoverskrifta *Utstrekning av sentrum* i del C) og del D) om handel.

Mykje av bakgrunnen for at ein ikkje ønskjer at heile kommunar blir oppfatta/behandla som regionsenter i den regionale planen er at det ikkje er ønskeleg med spreidd utbygging / ei spreining av funksjonar/tenestetilbod i heile kommunen. For god kollektivtilgjenge og redusert transportarbeid er det ønskeleg med eit breidd tenestetilbod, handel og tett arealutnytting i utvalde senter. Det er ønskeleg at kommunane sjølv utarbeidar ein tenleg senterstruktur innad i kommunen. Den regionale planen gjeld framtidig utvikling/lokalisering – planen rårar ikkje ved eksisterande lokalisering av verksemdar.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Ønske om nytt regionsenter i Nordhordland

Kommunane Austrheim og Radøy peikar på at Nordhordland med nære 40.000 innbyggjarar berre har eitt regionsenter medan Sunnhordlandsregionen får to regionale senter, Vestregionen får to regionale senter og Hardanger har allereie to senter som den regionen med desidert lågast innbyggjartal. Denne fordelinga av regionsenter kan td. leie til ujamn fordeling av ressursar i fylket. Austrheim foreslår at Austrheim kommunesenter vert vurdert som eit framtidig regionalt senter og eit knutepunkt i nordre del av Nordhordland.

#### Kommentar/tilråding:

Balansert fordeling av regionsenter i dei ulike regionane av fylket er eit viktig punkt. Innspelet blir notert, men førar ikkje til endring av planforslaget i denne omgang. Det blei prioritert å opprette nye regionsenter der det fanst størst befolkningskonsentrasjonar utan god tilgang til eit regionsenter. Slik tenkte ein i denne omgang å nå dei største transporttraumane. Revisjon av Regional plan for attraktive senter med tanke på senterstruktur blir vurdert kvart 4.år i regional planstrategi. Ei avgjerd om å opne opp for fleire regionsenter ved seinare høve må vegast opp mot ynskje om ein stabil og føreseieleg senterstruktur. Eit moment som store endringar i kommunestrukturen kan aktualisere ein planrevisjon. Det same gjeld dersom ein ser ein klart positiv effekt av etableringa av dei nye regionsentera som allereie er foreslått i planen, eller dersom planens tiltak 1.1 (analyse av samspel mellom regionsenter og omland) avdekkar trong for nye senter. Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Bydelssenter i Bergen – status i regional plan

Bergen kommune meiner at planforslaget til dels er uklart på regionsenternivået og Bergen kommune sitt forhold til dette. Kommunen peikar på at det har stor betydning å avklare regionsenternivået nærare, særleg i forhold til bydelssentera med kjøpesenterlokalisering og definisjon av handelsomland som grunnlag for utrekningar av bruksareal til handel i handelsanalysar. Kommunen oppfattar at heile kommunen er på regionsenternivå og at kvart bydelssenter også er eit regionsenter.

Næringsaktøren Lagunen Storsenter ber om at Rådal sentrum/Lagunen får status som regionsenter i den regionale planen og meiner at Rådal sentrum/Lagunen oppfyller alle kriteria for å bli eit regionsenter i dag.

#### Kommentar/tilråding:

Status for bydelssentera i Bergen kommune versus regionale senter som t.d. Straume og Knarvik er eit viktig punkt med trong for nærare avklaring og har vore eit diskusjonspunkt i arbeidet med planforslaget. Den regionale planen skal vere eit overordna styringsverktøy – alle detaljar kan ikkje takast inn i ein regional plan, men planforslaget bør ikkje vere uklart. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa. Bergen kommune går i sitt innspel ikkje konkret inn på kva som bør vere innhaldet i eit endra planforslag – sjå drøfting i avsnittet under for tilråding til innhaldet i endra plan.

Regional plan for attraktive senter legg til grunn ein senterstruktur som er hierarkisk og som byggjer på dagens forvaltningseiningar. Eit trekk ved den hierarkiske strukturen er at sentera på «likt nivå» i hierarkiet skal innehalde tilnærma like funksjonar. I planen har valt ein struktur kor eit nivå er «regionsenter» og eit anna nivå er «bydelssenter i Bergen». Gjennom denne oppdelinga seier ein at regionsenter og bydelssenter i Bergen ikkje skal vere identiske.

For at hierarkiet skal fungere må ein ved utvikling av det einskilde senter ta omsyn til den rolla senteret har i senterhierarkiet. Sagt med andre ord må funksjonane i kvart senter dimensjonast etter folketal i det omlandet senteret skal betene. Omlandet for kvart regionsenter er definert gjennom kart i figur 1.4 i planen. Bydelane i Bergen har eit befolkningsgrunnlag på linje med dei største regionsentera, og vil difor kunne ha mange av dei same funksjonane, men likevel ikkje vere regionsenter. Figur 1.3 i planen illustrerer utstrekning av bydelane i Bergen i tråd med vedtak i Bergen kommune.

Eit viktig mål med ein senterstruktur er å skape føreseielege rammer og felles grunnlag for avgjerd om lokalisering og investering, og dermed leggje til rette for berekraftig senterutvikling. Regional plan for attraktive senter byggjer på prinsipp om at brukarar skal kunne få dekkja behovet for tenester og handel nærast mogleg,



innan samfunnsøkonomisk forsvarlege rammer, slik at transportbehovet blir minst mogleg. Dette er viktig for å nå klimamåla og unngå auke i kø-problem på vegnettet. Folk ønskjer også i høg grad å handle nært, og analyser viser at folk i høg grad nyttar seg av det næraste handels- og tenestetilbodet i kvardagen. Eit lokalt tilbod kan vere betre eigna til å fremje gode nærmiljø/lokalsamfunn.

Når det gjeld *tenester* bør bydelane i Bergen vere sjølvforsynte og ha breidde i funksjonane for å minske transportarbeidet og sikre god tilgjenge. Slik er det i stor grad i dag, med unntak av Rådalen/Lagunen som ikkje har offentleg tenestetilbod i same grad som dei andre bydelssentera. I bydelssentera kan det også vere grunn til å etablere tenester av meir regional karakter som det t.d. ikkje er praktisk å plassere i Bergen sentrum. Ved lokalisering i bydelssentera sikrar ein at tenestene ligg i knutepunkt for kollektivtransport og er enkle å nå også for dei utan bil.

Når det gjeld *handel* skriv Bergen kommune i sitt innspel at det må gis rom for dynamikk i handelsmarknaden og rom for at ulike varegrupper har ulik storleik på handelsområdet. Samstundes skriv kommunen at ein ser ein «vekst i bydelssentre og samtidig til dels en stagnasjon av handelsvirksomhet i bysentrum, som gir flere utfordringer». Kommunen peikar vidare på behovet for å leggje klarere rammer for relevant storleik på handelsareal i høve til senternivå. Gjennom regional plan meiner ønskjer ein å fremje eit hovudprinsipp om at detaljhandel i bydelssenter skal dimensjonast for den bydelen som bydelssenteret skal betene. Sjølv om utvalde handelskonsept har ein klar regional funksjon utover bydelen (t.d. IKEA), er ikkje slike utvalde konsept til hinder for eit hovudprinsipp om at storleik på areal for detaljhandel i bydelssenter skal følgje folketalet i bydelen.

Ein viktig intensjon bak eit slikt hovudprinsipp om handel er å best mogleg kunne skape føreseie for drift av eksisterande verksemdar og unngå overetablering. For sterk grad av overetablering på ein stad vil kunne påverke grunnlaget for tilbodet andre stader – stader kor ein også ønskjer å ha eit godt og tilstrekkeleg tilbod. Nyetablering i eit senter, utan å ta omsyn til dei andre sentera i regionen, vil altså kunne råka ved det berekraftige prinsippet om at flest mogleg skal ha eit godt tilbod i sitt næraste senter.

Den regionale planen er eit overordna verktøy. I konkrete enkeltsaker kan det vere grunn til å fråvike det overordna prinsippet – om gode argument talar for dette. Prinsippa om dimensjonering er dessutan ikkje meint å vere styrande for folks frie val. Alle er i sin fulle rett til å velje kva for senter dei ønskjer å nytte. Intensjonen med den regionale planen er – gjennom eit overordna blikk – å trekke opp nokre liner for fordelinga mellom sentera når det gjeld dimensjonering av tilbodet, gjennom arealplanar. Fri konkurranse mellom ulike senter, t.d. gjennom omsetjing per m<sup>2</sup>, og endringar i handelsmarknaden vil alltid prege bilete. Men i planlegginga av eit berekraftig og velfungerande transportsystem kan ein vanskeleg lukkast utan å sjå transporten i samheng med strukturen for handel- og tenestetilbodet. Dei store transportvoluma i Hordaland blir generert i Bergensområdet. Handelstilbod, tenestetilbod og arbeidsstad er målpunktet for reisa – denne reisa kan vere lang eller ho kan vere kort.

Det blir tilrådd at planskildring og tabelloversikt i planforslaget blir endra i tråd med den overståande drøftinga. Bydelssenteret Indre Arna representerer eit unntak som eit bydelssenter kor ein også ønskjer tilrettelegging for relevante regionale funksjonar for innbyggjarane i Osterøy, Vaksdal og Samnanger, jf. punkt under om Indre Arna.

#### Indre Arna – bydelssenter med regionale funksjonar

Forslag om Indre Arna senter med regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal får støtte av alle dei nemnte kommunane – Bergen kommune er også positiv. Ingen innspel er negative. Vaksdal peikar på at omlandskommunane til Arna har mange av dei same felles utfordringane i samfunnsstruktur og utvikling. Eit sterkt senter med godt tilbod for felles tenester som arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod, handel og transport vil vere samlande og til felles nytte. Jernbaneverket peikar på at med nytt dobbeltspor Arna-Bergen vil jernbanen få ein endå viktigare rolle på denne strekninga.

Kommentar/tilråding: Indre Arna er i planen senter med regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal. Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Ny kommunestruktur og regional plan for senterstruktur

Fleire innspel uttrykkar at utviklinga framover er uviss når det gjeld ny kommunestruktur. Innspela går både på at den regionale planen burde ha tatt tak i problematikken på meir konkrete måtar og på at planen er eit naturleg grunnlagsdokument for vidare diskusjon rundt justeringar av kommunestrukturen.

**Kommentar/tilråding:**

Regional plan for attraktive senter er ein overordna plan for positiv utvikling av alle sentrumsområda i Hordaland – både regionsenter, kommunesenter og lokalsenter mv. Utviklinga framover i høve kommunereforma er såpass uviss at er vanskeleg å seie noko sikkert om temaet – det var ikkje ein intensjon bak planarbeidet å gjere vurderingar knytt til temaet endring av kommunestruktur. Intensjonen var å laga ein plan som var robust og som kunne stå seg også ved ein endra kommunestruktur. Store endringar i kommunestrukturen kan aktualisere ein planrevisjon ved seinare høve. Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

**C) Kapittel 2 – Attraktive sentrum**Utstrekning av sentrum

Meland kommune peikar på at kommunen sjølv bør ta stilling til sentrumsutstrekning, jf. retningsline 2.3 om at eit kommunesenter kan ha ei utstrekning av sentrum på inntil 600m frå ytterkant til ytterkant.

**Kommentar/tilråding:**

Planen har ein enkel og vid utstrekningsregel som ein ønskjer at skal bli avløyst av lokalt tilpassa utstrekningar så snart som råd. Det blir lagt opp til eit tiltak i handlingsprogrammet (2.1) der sentrum i regionsenter og fylkesenter skal avgrensast. Det er viktig å vere klar og føreseieleg til utstrekning av sentrum fordi fleire andre retningslinjer i planutkastet er knytt til sentrum. Ei klarlagt utstrekning vil skape føreseie mellom anna for private aktørar. Retningslina byggjer på mål om at sentrum skal ha ein tett og gangbar kjerne – det skal ikkje vere naudsynt å nytte bil mellom målpunkt i sentrum. Inntil 600m som retningsgivande maksimalgrense tilsvarar råd gitt i gjeldande Fylkesdelplan for senterstruktur. Planen peikar på at talet er retningsgivande og kvart senter må vurderast konkret. Planskildringa understrekar behovet for tilpassing; I praksis må sentrumsområdet avgrensast i høve til lokale forhold som mellom anna dagens situasjon og det historiske senteret, terreng, transportknutepunkt og utviklingsbehov. Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

Kulturminne i regionale retningslinjer

Bergen kommune peikar på at når det gjeld forslag om delmål og retningslinjer for arealplanar i sentrumsområder i kap. 2.3, bør det takast med eit punkt om omsyn til og vektlegging av kulturhistoriske bygg og interesser som eit viktig element i utvikling av ein stad sin identitet og historie.

**Kommentar/tilråding:**

Planskildringa omtalar tema historie, særpreg og identitet. Kapittelet har delmål om å byggje utvikling på staden sine historie. Tema kulturminne kan med fordel bli ytterlegare understreka gjennom å bli tatt inn som ei regional retningsline. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

Grønstruktur i regionale retningslinjer

På ope høyringsmøte 05.juni 2014 blei det satt fram innspel om at retningslinjer for arealplanar i sentrumsområder i kapittel 2.3 bør ha med eit punkt om å bevare grønstruktur og leikeplassar i byen.

**Kommentar/tilråding:**

Planskildringa omtalar tema park og nærmiljø, blå og grøn struktur i sentrum – tema grønstruktur kan med fordel bli ytterlegare understreka gjennom å bli tatt inn som ei regional retningsline. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

Medverknad frå sentrums-bebuarar i regionale retningslinjer

Innspel og ope høyringsmøte 05.juni 2014 peika på ein bør presisere i planen at medverknad frå bebuarane i sentrum er viktig i sentrumsutvikling.

**Kommentar/tilråding:**

Planskildringa omtalar tema medverknad frå befolkninga – tema medverknad frå bebuarane i sentrum kan med fordel bli ytterlegare understreka gjennom å bli tatt inn i opplistinga i retningsline 2.2 i kapittel 2.3. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

## D) Kapittel 3 – Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod

### Fylkesgrensa mot Rogaland og retningsline 3.2

Haugesund kommune, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Stord kommune er negativ til streng praktisering / formulering av retningsline 3.2: *Statlege og fylkeskommunale tenester bør i størst mogeleg grad organiserast i samsvar med fylkesgrenser, omland for regionale senter og kommunegrenser.* Ein meiner at for Nord-Rogaland og Sunnhordland har det vore svært positivt å ha institusjonar som dekker ein naturleg geografisk region på tvers av formelle fylkesgrenser. Ein vil difor be Hordaland fylkeskommune om å støtte opp om fortsatt integrering slik at fylkesgrensa vert minst mogeleg til hinder for samfunnsutviklinga.

#### Kommentar/tilråding:

Hordaland fylkeskommune støttar opp om fortsatt godt samspel og samarbeid med nabokommunar og nabo-fylke. Retningsline 3.2 byggjer på ein tanke om robuste regionar, og at samanfallande forvaltingsgrenser er ressursparande. Retningslina er retningsgivande og ikkje absolutt. Avvik bør vere begrunna – men om ein ser gode grunnar for forvaltingsgrenser på tvers av fylkesgrensa er det ikkje i tråd med intensjonen i planforslaget å hindre effektiv samordning og vellukka samarbeid. Retningslina blir ikkje endra, men planskildringa blir endra – slik at presiserer at ein ikkje ønskjer å hindre effektiv samordning og vellukka samarbeid.

### Retningsline 3.6, tabell 3.1

Ein del innspel uttrykkar usikkerheit om opplistingane i retningsline 3.6, tabell 3.1 (Prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester) er meint som ekskluderande eller uttømmande.

#### Kommentar/tilråding:

Tabell 3.1 er ikkje meint som ekskluderande eller uttømmande, men som retningsgivande prinsipp for nye lokaliseringar. Dette bør komme tydeleg fram i forklarande tekst til tabell 3.1. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

### Den norske kyrkja i sentrum

Bjergvin bispedømeråd peikar på at kyrkja er ikkje nemnd i planen, og meiner det er viktig at kyrkja blir nemnd slik at kyrkja tidleg får plass i nye senterområde. Kyrkja er med på å gjere sentrumsområda attraktive både med sitt tilbod og sin estetikk, samt aktivitet utover vanleg kontortid.

#### Kommentar/tilråding:

Planskildringa omtalar religiøse forsamlingshus. Kyrkja har funksjon og verdi i sentrum, og planskildringa og tabell 3.1. blir utvida til å omfatte omtale av dette. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

### Lokale brukshus for kulturliv i sentrum

Hordaland musikkråd peikar på at det må avsettast areal sentralt i sentrum til lokale brukshus for kulturliv – gode øvings- og framføringslokale i bygg med låg terskel som ikkje er for dyre / utilgjengelege.

#### Kommentar/tilråding:

Planskildringa omtalar kulturhus, men blir utvida til å omfatte omtale av lokale brukshus for kulturliv. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

## E) Kapittel 4 – Handel og kjøpesenter

### Regional plan for Areal og transport på Haugalandet – samsvar mellom regionale planar

Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Etne kommune, Sveio kommune peikar på at planen kan kome i konflikt med føresegnar og retningsliner for handelsetableringar i *Regional plan for Areal og transport på Haugalandet* som Rogaland fylkeskommune utarbeidar – ein plan som omfattar kommunane Etne og Sveio i Hordaland. Ein ber Hordaland fylkeskommune ta ein aktiv rolle for å sikre samsvar mellom dei to regionale planane. Kommunane ber om at føresegnar og retningsliner for handelsetableringar ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyre.

#### Kommentar/tilråding:

Hordaland fylkeskommune har aktiv kontakt med Rogaland fylkeskommunen i høve Regional plan for Haugalandet. Endringar vil bli gjort for sikre betre samsvar mellom dei to regionale planane – både i Hordaland fylkeskommune sin plan og moglegvis også i Rogaland fylkeskommune sin plan. Det er ikkje heldig å ha altfor stor skilnad mellom regional plan som gjeld for Etne og Sveio og regional plan for resten av Hordaland. Det er

heller ikkje optimalt å ha for stor skilnad mellom planar for nabofylka Hordaland og Rogaland. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

### Regionale føresegner for handel

Fylkesmannen i Hordaland sitt høyringsinnspel konkluderer med at planframlegget slik det no føreligg bryt med nasjonal politikk når det gjeld dei regionale føresegna for handel, og fylkesmannen ber difor om at fylkeskommunen tar merknadene til fylgje, elles vil ein måtte vurdere å sende saka til departementet (jf. pbl. § 8-4).

Innspela frå fylkesmannen er som følgjer:

- Fylkesmannen registrerer at ramma for etablering av handel er noko romslegare enn fylkesdelplanen (grense for analyse m.m. er auka frå 1500 m<sup>2</sup> til 3000 m<sup>2</sup>) jf. pkt. 4.1. Opphavleg grense var betre i samsvar med den ambisiøse klimaplanen for fylket, men grensa på 3000 m<sup>2</sup> er lik grensa som er satt i forskrifta. Fylkesmannen tar såleis til etterretning at grensa vert heva til 3000 m<sup>2</sup> med dette planframlegget, men hadde ynskja at grensa på 1500 m<sup>2</sup> vart ståande.
- For å unngå ei utholing av regelverket gjennom suksessive utvidingar kor kvar einskild utviding er på mindre enn 3000 m<sup>2</sup>, må ein i pkt. 4.1. også setje ei grense for utviding av eksisterande handel. Det vil vere i samsvar med «Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre» § 3 andre avsnitt om at «For områder som ikke omfattes av slik plan, er det ikke tillatt å etablere eller utvide kjøpesentre med et samlet bruksareal på mer enn 3000 m<sup>2</sup>». Både pkt. 4.1 og 4.2 må endrast i samsvar med innhaldet i den rikspolitiske forskrifta.
- I andre avsnitt i pkt. 4.1. i planframlegget opnar ein for unntak for såkalla plasskrevjande varer, men med innblanding av anna varesortiment. Å opna for innslag av anna varesortiment slik pkt 4.1. er utforma, stiller fylkesmannen seg kritisk til.
- I føresegna pkt. 4.2 som omhandlar krav til handelsanalyse, saknar fylkesmannen ei klargjering av kvi- for handelsanalyse må utarbeidast. Fylkesmannen meiner pkt. 4.2. difor må utvidast med t.d.: «Nytt eller utvida bruksareal må tilpassast stadens storleik, funksjon og handelsomland.»
- I pkt. 4.3 om samtykke vil ein peike på at i fylgje § 8-5 i planlova kan samtykke gjevast i samråd med Fylkesmannen. Fylkesmannen vil også vise til rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet kap. 7.4 side 26 om regional planføresegn kor det klart går fram at: «Det legges til grunn at regional planmyndighet ikke kan gi samtykke dersom Fylkesmannen kan vise til at dette openbart er i strid med nasjonale interesser.» Fylkesmannen meiner difor at ordet høyring må endrast til samråd i siste setning i andre avsnitt under pkt. 4.3.

Også mange andre innspel diskuterer innhaldet i kapittelet om handel; Voss kommune støttar framlegget om at detaljhandel i hovudsak skal i senter og innanfor sentrumsområdet, og peikar på at dette er eit viktig grep for å halde opp den senterstrukturen ein allereie har. Andre innspel trekk fram at konsekvensutgreiinga til den regionale planen peikar på ein vesentleg svakheit i føresegnene for handel ved at dei berre fokuserer på etablering av nytt areal i staden for samla volum etter utbygging/utviding (etappevis utvidingar under 3000 m<sup>2</sup> er tillatt) – over tid kan dette gje negative konsekvensar for sentrumsutvikling.

Bergen kommune skriv i sitt høyringsinnspel at forslaget til planføresegner er noko uklart på forholdet til spørsmål om lokalisering av detaljhandel utanfor definerte senterområde, samtidig som planforslaget opnar for lokalisering av daglegvarehandel nært bustadbebyggelse. Etter Bergen sin vurdering er det her føremålstenleg å sjå detalj- og dagligvarehandel under eitt, men tydelegare avgrense samla omfang av eksisterande og ny detaljhandel over tid, slik at det ikkje er grunnlag for at det etablerast nye senterområde utanfor vedtatt senterstruktur. For å unngå at summen av suksessive enkeltsøknader over tid skal kunne gi eit handelsomfang utover senteret sitt nivå, er det behov for nærare retningslinjer om relevant storleik på handelsareal i forhold til senternivå. Kommunen ser positivt på forslag om ei regional planføresegn for kjøpesentre som skal erstatte den rikspolitiske forskrifta. Dette kan gi grunnlag for ei forvaltning basert på god kunnskap om regionen og innsikt i handelssituasjonen. Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen sin rolle som regional planmyndighet understrekast. Kommunen peikar på same tid på at det er vanskelig å finne eintydige svar på viktige spørsmål om aktuelt omfang av handelsverksemd og at det må gis robust rom for at handel også er dynamisk og sterkt konkurranseprega.

Mellom anna Stord Næringsråd meiner at innhald i kapittel om handel og kjøpesentre må ikkje bli for bastant praktisert. Næringsrådet viser til behov for fleksibilitet og det må takast lokale omsyn, i samarbeid med lokale mynde. Nokre kommunar er ikkje positive til at den regionale planen har føresegner for handel i det heile og viser til at dette innskrenkar den kommunale sjølvrådetretten. Ein del innspel peikar på at omlandsavgrensingane i kart over senterstruktur (fig.1.4) krev tilpassing i praksis når det gjeld utrekning av handelsareal basert på handelsomland.

**Kommentar/tilråding:**

Fylkeskommunen må forholde seg til gjeldande forskrift innan temaet handelsetablering (*Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter*) og kan ikkje lage regionale føresegner i strid med føringar i forskrifta. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa slik at ein unngår at den regionale planen blir sendt til departementet for avgjerd, og slik ein unngår at suksessive enkeltsøknader over tid skal kunne gi eit handelsomfang utover senteret sitt nivå.

Føresegner for handel omhandlar lokalisering og dimensjonering av handelsareal i arealplanar, og er ein viktig del av den regionale planen. Samlokalisering av handelstilbod i senter som er viktige knutepunkt for kollektivtrafikk vil fremje eit berekraftig reisemønster og styrke tilgjenge for heile befolkninga. Det motsette – eit spreidd og utflytande utbyggingsmønster – vil gi dårlig kollektiv tilgjenge og kunne generere meir transportarbeid. Det er eit viktig nasjonalt og regionalt mål at veksten i persontransporten som følgje av auka folketal skal takast kollektivt. Visjonen i klimaplanen om «*Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet*» bør speglast gjennom regionale føresegner for handel med ein klimavennleg profil.

Samlokalisering av handelstilbod i senter vil skape grunnlag for senter som er samansette og sterke – og vil såleis vere eit viktig ledd i å nå målet i planen om å utvikle attraktive senter i fylket. Eit breidd tilbod av både varer og tenester gir grunnlag mange besøkande og grunnlag for større grad av synergi mellom verksemdar. Levande og attraktive sentrumsområde i alle delar av Hordaland vurderast som viktig både for innbyggjarane – og ikkje minst for tilreisande og for reiselivsnæringa.

Utvikling av sentera i Hordaland med areal for handel i tråd med ein tenleg senterstruktur vil skape føreseielege rammar for både offentlege og private aktørar, og kunne bidra til at ein unngår uheldig grad av overetablering. Noko av det handelsnæringa etterspør frå det offentlege er føreseie for lønsam drift av verksemdene som blir etablert. Handelsnæringa uttrykker gjerne at ein ønskjer å etablere seg i senter, men at dette er meir krevjande. Sentrum kan vere attraktiv som handelsarena – samstundes finst grunner til at utbyggjarar kan oppleve det som enklare å ta i bruk heilt nytt byggjeland utanfor sentrum. Her kan det offentlege ha ei viktig oppgåve i å leggje til rette for enklare og raskare etablering i eksisterande senter, mellom anna ved å utarbeide område-reguleringsplanar for sentrumsområda.

Ein understrekar i planen at omlandsavgrensingane i kartet over senterstruktur, som mellom anna skal liggje til grunn for handelsanalysar, må sjåast på som grunnlag for konkrete vurderingar og ikkje som absolutte grenser. Handelsanalyse er eit verktøy for å sikre at kvar sak om ny handelsetablering over ein viss storleik blir tilstrekkeleg vurdert, og sett i ein konkret og stadstilpassa samanheng.

Sjå elles under mellomoverskrifta *Bydelssenter i Bergen – status i regional plan* i del B) for punkt om korleis brukars frie val til å handle kor ein vil og dynamiske endringar i handelsmarknaden alltid vil prege bilete.

**Tiltak 4.1 – Mal for handelsanalyse**

Tiltak 4.1, utarbeiding av brukarvenleg mal for handelsanalyse, vert i fleire innspel trekt fram som eit sentralt og naudsynt tiltak.

Kommentar/tilråding: Tiltaket er viktig for effektiv og føreseieleg handsaming av plansaker som regulerer ny etablering av handelsverksemd. Tiltak 4.1 har fått høg prioritet i planen gjennom starttidspunkt i 2015. Innspelet takast elles til orientering.

**F) Kapittel 5 – Transport****Retningslinjer for transport blir noko endra**

Statens vegvesen sitt innspel peikar på at utviklinga av gode sentrumsområde og ein god senterstruktur er viktig for å nå transportpolitiske målsetjingar knytt til samordna areal- og transportplanlegging. Planen kan bli ein god reiskap for å nå desse måla.

Statens vegvesen tilrår følgjande endringar i retningslinjene for transport, delkapittel 5.3:

- Retningsline 5.5 pkt1: Det bør leggjast til eit punkt om at gjennomgangstrafikk i utgangspunktet ikkje bør leiast gjennom sentrum.

- Retningsline 5.5 pkt2: Det bør ikkje vere eit generelt krav at all trafikk gjennom sentrum bør skje etter prinsippa om miljøprioritert gjennomkøyring (miljøgate). Dette kan gi dårleg framkome for kollektivtrafikk og for syklistar.
- Retningsline 5.6: Det bør ikkje vere ei generell føring at oppstillingsareal for bussar bør lokaliserast utanfor sentrum – dette kan skape problem for effektivitet og punktleghet.
- Retningsline 5.10: Den delen av punktet som lyder «alternativt skal hovudtrase følgje bilveg kor motoriserte køyretøy og sykkel er likestilte trafikantgrupper» bør utgå frå planen då dette ikkje er god tilrettelegging for syklistar. Ordet «bilveg» bør unngåast då det ikkje er ei nemning i trafikkreglane.
- Retningsline 5.12: Andre setning bør lyde (tillegg i kursiv) «Talet på parkeringsplassar, tidsavgrensing og parkeringsavgift skal tilpassast servicenivå på kollektivtilbodet og *tilrettelegginga for sykling og gåing*».
- Retningsline 5.14: Punktet bør utgå. Det er alt gitt detaljerte føringar for fastsetjing av fartsgrense i forskrifter og nasjonale retningsliner.

#### Kommentar/tilråding:

Planforslaget sine regionale retningsliner for transport i delkapittel 5.3 blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa på følgjande punkt: 5.5 pkt2, 5.6, 5.10, 5.12. Retningsline 5.5 pkt1 endrast noko. Endring av 5.5 pkt2 og 5.6 er i tråd med innspel frå Skyss.

Retningsline 5.14 endrast ikkje – mange av dei regionale retningslinene i planforslaget inngår også i forskrifter og nasjonale retningsliner. Retningslina er tatt med for å setje ekstra fokus på dei nasjonale føringane i ein regional kontekst og understreke at låg fartsgrense er viktig i sentrum – eit omgrep som vil vere knytt til denne planen.

## 3. Høyringsmøte 05.juni 2014

I starten av høyringsperioden vart det arrangert ope høyringsmøte i fylkeshuset kor innhaldet i kvart kapittel i planforslaget vart gjennomgått i detalj, med påfølgjande rom for spørsmål og kommentarar.

### Kort samanfatning av kommentarar / diskusjon på høyringsmøtet:

#### Tema: Hovudmål, strategiar og senterstruktur

- Ikkje semje om at det er bra at Kleppestø blir regionsenter, ikkje semd i at staden passer til dette. Ingen av dei politiske partia på Askøy har noko om dette i sine program, spørsmålet bør vere ei sak i valkampen før noko blir avgjort. Innbyggjarar på Askøy må høyrast og vere med på å avgjere dette.
- Stord har definert Stord som regionsenter, medan Hordaland fylkeskommune har definert Leirvik – ueinig i dette. Både sjukehuset og høgskulen ligg utanfor Leirvik.
- Kva meinast med «robust næringsliv»? Svar frå ad.min: «robust næringsliv» kan t.d. vere samling, samlokalisering, føreseie, mangfald
- Straume som regionsenter: Sterke næringsinteresser har brukt statusen som regionsenter for å fremje egne interesser.

#### Tema: Attraktive sentrumsområde

- Er retningslinene knytt mot berre regionsenter? Svar frå ad.min: nei, mot alle sentrumsområde.
- Straume: Skape attraktive sentrum er bra, men ser ikkje at bebruarane er med i prosessane. Det er fokus på business. Bør presisere i planen at medverknad frå bebruarane er viktig i sentrumsutvikling.
- Fjell kommune er ikkje eining i kritikken mot utviklinga av Straume og understrekar dette.
- Planen skal vere eit positivt verkemiddel. Retningslinjene er detaljerte. For detaljerte? Blir dette detaljstyring? Kva med det kommune Vil retningslinene vere motsegn grunn / sterkt førande for Hordaland fylkeskommune sine vurderingar av kommunale planar? Svar frå ad.min: ja, men ikkje berre retningslinene, ei vurdering blir alltid tilpassa den individuelle saka.
- Eksempel på at ein del nye bygg blir bygd i sentrum med lukka fasadar – retningsliner kan hjelpe. Om BID i sentrum: Er positivt og spennande.
- Lengre opningstider i sentrum. Utfordrar vi her lukketidsbestemmelsene og heilagdagsfreden?
- Stiller fylket krav til dei kommunane som skal utvikle eit regionsenter? Kva med dei som ikkje har økonomi til slik utvikling?
- Bruken av omgrepa «bør» og «skal» i plandokumentet. Er «skal» brukt for mykje? Er ordbruken vald bevisst? Svar frå ad.min: ja, brukt bevisst.

#### Tema: Tenester, arbeidsplassar, fritidstilbod

- Utfordrande at statlege tenester har ein heilt eigen struktur / inndeling av fylket – kommunane treng hjelp frå regionalt hald for å strukturere eit tilbod som fungerer (td. for dårleg å måtte dra heilt frå Stord til Haugesund for ID-kontroll).
- Rosendal er kommunesenter i Kvinnherad i dag – ønskjer ikkje at Husnes skal overta for Rosendal som viktigaste senter.
- Handlingsprogrammet: Tiltak 3.1 *Samrådsfora mellom offentlege etatar* bør startast i 2015.
- Positiv til at planen fokuserer på mangfald og breidde i sentrum – arbeidsplassar og tenester – dette skapar robuste senter.

#### Tema: Handel

- Nærbutikken er død, nærbutikk med lange opningstider nær der «alle» bur er urealistisk – er ikkje i tråd med utviklinga slik ho har vore til no. Det er vanskeleg å snu utviklinga. Regionale planar må vere realistiske for å vere seriøse.
- Folketalsvekst rundt Bergen gir grunnlag for daglegvarebutikker, men det er ofte ikkje laga plass til desse. Bustadfelt i Nordhordland: Her var det grunnlag for ny nærbutikk – trenden snur igjen? Planar bør leggje til rette for nærbutikk.
- Stor skilnad på Bergen og andre stader i fylket – planen må ta høgde for dette.
- Fellesfunksjoner i sentrum som t.d. belysning er viktig – kven tek ansvaret for dette?
- Opne fasadar kan planleggjast – dette gir lys og tryggleik på gateplan.

- Sterke regionsenter kan utkonkurrere nærsenter – dette er uheldig – kva kan avbøte? Kva gjer fylkeskommunen her?
- Omgrepet «omland» må vere fleksibelt – folk handlar kor dei vil.
- Handelsanalyse: 2m<sup>2</sup> handel per person – er dette eit bindande tal i utrekninga? Kor kjem talet frå? Svar frå ad.min: Tal / metodikk er henta frå Stavanger kommune som har jobba grundig med temaet, å setje opp eit retningsgivande tal gir betre føreseie enn å ikkje ha noko tal som utgangspunkt.

#### **Tema: Transport**

- Saknar retningsline på å bevare grønstruktur og leikeplass i byen – bør detaljere dette tema meir.
- Handlingsprogrammet: Tiltak 5.3. *Gang- og sykkelveg* – Statens vegvesen er allereie i gong med dette.
- Usentral bussregulering er ikkje realistisk – bussen skal halde tidsskjema og treng sentral venteplass.
- Bra retningsliner om kollektivterminal – viktig at terminalen er open og tilgjengeleg. Fylkeskommunen bør ta større ansvar for dette, for samlokalisering med andre funksjonar. Forslag om at dette blir eit nytt tiltak i handlingsprogrammet.
- Bør satse meir på kollektiv sjøtransport. Bra med kollektiv i sentrum av senter.
- Men kollektivterminal i sentrum kan ta stor plass i liten tettstad, må sjå kvar stad individuelt.
- Sykkelparkering bør vere heilt nære kollektivterminalen, bilparkeringsplasser bør vere lenger vekk – for å fremje miljøvenleg transport.



## 4. Oppsummering av skriftlege høyringsinnspel – med tilrådingar

### 4.1 Kommunar

22 kommunar samt Samarbeidsrådet for Sunnhordland har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden. Innspela er i mange tilfelle gitt i form av politiske vedtakspunkt med tilhøyrande saksutgreiing. Alle vedtakspunkt er tatt inn i tabellane under. Der utfyllande innspel er henta frå den kommunale saksutgreiing er dette spesifisert.

Askøy kommune		
Fråsegn ved: Formannskapet		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Askøy kommune meiner at retningslinene generelt bærer preg av å vere føresegner med sin «skal-form», og dermed går for langt i sin inngripen i den kommunale planlegginga.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at planforslaget er godt og gjennomarbeida, og tar opp ein rekke problemstillingar som er aktuelle for Askøy kommune.</p>	<p>Sjå drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Askøy kommune er tilfreds med at kriteria for etablering av regionscenter er revidert og endra, og at Kleppstø er foreslått som nytt regionscenter.	Takast til orientering – Kleppstø har status som regionscenter i det endelege planforslaget.
Kap 2 Attraktive sentrum	Særlig retningslinene i kapittel 2.4 bokstavane b), c), d) og f) går for langt i sin inngripen i den kommunale planlegginga. Desse retningslinjene må vere råd og anbefalingar. I retningsline bokstav b) bør siste setning slettast.	I ei spørjeundersøking sendt til kommunane i Hordaland om erfaringar med gjeldande <i>Fylkesdelplan for senterstruktur</i> frå 2002 kom det fram at gjeldande plan til dels har vore oppfatta som uklar og vanskeleg å bruke. I det nye planforslaget har ein har valt å presentere den regionale politikken gjennom regionale retningsliner – ein viktig grunn har vore å lage ein regional plan som er føreseieleg, konkret og lett å bruke. Retningslinene er meint å vere til hjelp for kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive senter. Bakgrunnen for alle retningslinene er utdjupa i planskildringa i planforslaget. Sjå elles drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	<p>Retningslinene i kapittel 4.3, nr. 4.5 må presiserast enten i planskildringa eller i retningslinene.</p> <p>Retningslinene i kapittel 4.3, nr. 4.7 er ikkje naudsynt og bør slettast.</p>	<p>Innspelet noterast – utdjuping av dette vert tema i oppfølgingsfasen etter vedtatt plan.</p> <p>Retningsline 4.7 er tatt med for å gjere planen brukarvennleg og for å unngå å skrive same retningsliner på to ulike stader i plandokumentet – lesarar av planen gjerast merksam på at det er særleg</p>

	Askøy kommune meiner det må utarbeidast ein detaljert rettleiar for handelsanalyse, ikkje ein mal slik som handlingsprogrammet tiltak 4.1. legg opp til.	viktig å sjå retningslinene i kap. 4 i samheng med retningslinene i kap. 2.  Bakgrunnen for å laga ein mal har vore tanken om at ein ferdig mal vil vere mest mogleg direkte til nytte. Malen vil ha rettleiande tekst for korleis den er tenkt nytta i ulike samanhengar og kan såleis også nyttast som ein slags rettleiar.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Austrheim kommune

### Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Meiner høyringsforslaget inneheld eit oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld tettstadutvikling og på bakgrunn av dette gir klare tilrådingar for kva som skal til for å skape attraktive senter. I så måte vil planen kunne vere retningsgivande for kommunale planar.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Ut frå innbyggjartal og geografiske tilhøve er det rimeleg at Kleppestø vert eit regionalt senter, medan argumenta bak Husnes som nytt regionalt senter ikkje ser ut til å vere like sterke. Konsekvensen blir at Sunnhordlandsregionen får to regionale senter, Vestregionen får to regionale senter og Hardanger har alleie to senter som den regionen med desidert lågast innbyggjartal, medan Nordhordland framleis berre har eitt i Knarvik. På denne bakgrunn foreslår kommunen at Austrheim kommunesenter vert vurdert som eit framtidig regionalt senter, som eit knutepunkt i nordre del av Nordhordland (knutepunkt for Fedje, nordre del av Radøy, nordre del av Lindås, nordre del av Masfjorden og Gulen, samt til dels Solund).	Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
Kap 2 Attraktive sentrum	Ein registrerar at planen legg opp til å vidareføre tilskot til by- og tettstadutvikling <i>utan</i> at det er nemnd at midlane skal spissast mot dei regionale sentera. Dette er positivt, og kommunen legg til grunn at dette også vert gjeldande i handsaminga av søknader om tilskot. Ein understrekar at det er viktig at kommunane framleis skal få tilgang til by- og tettstadutviklingsmidlar til kommunesenter. Er ikkje positiv til signal i td. <i>Regional næringsplan</i> om at tilskot utelukkande skal rettast inn mot regionale senter.	Utvikling av velfungerande og attraktive kommunesenter i alle delar av fylket er viktig og i tråd med mål og intensjonar i den regionale planen. Vurdering av kva prosjekt som får tilskot må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Hovudmålet i planen om attraktive senter gjeld heile fylket. Bruken av verkemiddel vil ta utgangspunkt i dei overordna målsetjingane – for ulike typar senter vil ulike verkemiddel vere aktuelle.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Bergen kommune

Fråsegn ved: Byrådet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen har utarbeida eit forslag til en regional plan for attraktive senter, senterstruktur og handel. Kommunen sluttar seg til målet om å skape attraktive senter og hovudpunkta i delmål, strategiar, retningslinjer og tiltak for å kunne tilrettelegge for en målretta utvikling.</p> <p>Kommunen ser positivt på at det har vore ein godt organisert planprosess med brei deltaking i styringsgruppe, arbeidsgruppe og temamøte.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
<p>Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur</p>	<p>Ein ser positivt på viste regionsenter i en senterstruktur for Hordaland og meiner at lokaliseringa vil kunne gi en god lokalisering og fordeling av handel, tenester og funksjoner i byregionen.</p> <p>Planforslaget er til dels uklart på regionsenternivået og Bergen kommune sitt forhold til dette. Det har stor betydning å avklare regionsenternivået nærare, særleg i forhold til bydelssentera med kjøpesenterlokalisering og definisjon av handelsomland som grunnlag for utrekningar av bruksareal til handel i handelsanalyser. Ut frå planskildding og forslag til nye kriterier for regionsenter i planforslaget, er det kommunen sin oppfatning at heile kommunen er på regionsenternivå og at kvart bydelssenter også er eit regionsenter. Basert på at reisetid på ca. 1 time normalt tilsvarar ein reiseavstand på ca. 60 km, viser kartanalyse at det aggregerte regionale handelsomlandet for bydelssentera går langt ut over kommunegrensene for Bergen. Skildding av nivåa i senterstrukturen viser at ei rekkje funksjonar og tilbod er ujamt fordelt og at det oppstår ei rekkje målkonfliktar mellom formål, funksjonar, lokalisering og dimensjonering. Planforslaget bør bli tydelegare på at det er målkonfliktar i planforslaget.</p> <p>Kommunen vil peike på at senterutvikling er ein dynamisk og til dels marknadsstyrt prosess med eit langsiktig preg som bør vektleggjast tydelegare i forslaget til regional plan og i forslaga til verkemiddel. Det må utviklast forslag til bruk av verkemiddel for å kunne finne attraktive løysningar innanfor ein heilskapleg ramme og utan for sterk vektlegging av ein-sidige verkemiddel som spesielt ein han-</p>	<p>Innspelet er i tråd med innhaldet i planforslaget, og takast elles til orientering.</p> <p>Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten. Planen blir tilrådd endra i kap. 1 – det blir foreslått endringar i planen som gjer status for bydelssentera klarare, og inntrykk av målkonflikt mindre.</p> <p>Ein intensjon bak planen sitt handlingsprogrammet var å sikre breidde i tiltaka som skal gjennomførast – ein kan nemne td. samrådsfora, utgreiingar og pilotprosjekt. Krav om handelsanalyse blir såleis berre eitt ledd for å nå overordna målsettingar i planen. Mellom anna gjennom bruk av handelsanalyse vil ein sikre at kvar enkelt sak blir sett i ein konkret og stadstilpassa samanheng. Planskilddinga</p>

	<p>delsanalyse representerer.</p> <p>Kommunen ser positivt på forslag om Tiltak 1.1 om ein analyse av «Samspel mellom regionsenter og omland» og vil understreke betydninga av å klargjere mål og utfordringar som ligg i forhold til bydelssentera i denne samanhengen.</p> <p>Kommunen ser positivt på forslaget om styrking av Arna med regionsenterfunksjonar for nabokommunane Osterøy, Vaksdal og Samnanger. Planarbeid for utbetring av E39, moglegheitsstudie for Østre Ringvegnett og KVU for nye veg og banetraséar til Voss, understrekar Arna sin rolle i denne delen av regionen og kommunen.</p>	<p>peikar på at det ikkje er mogleg å lage ein senterstruktur som er utan tilpassing og modifikasjon i praksis. Innspelet noterast elles og takast med vidare i oppfølgingsfasen etter vedtatt plan.</p> <p>Takast til orientering – i tråd med intensjonen i planforslaget. Rolla til bydelssentera vil også klargjerast i endeleg planforslag.</p> <p>Takast til orientering – Indre Arna har status som senter med regionale funksjonar for Vaksdal, Osterøy og Samnanger i det endelege planforslaget.</p>
<p>Kap 2 Attraktive sentrum</p>	<p>Når det gjeld forslag om delmål og retningslinjer for arealplanar i sentrumsområder i kap. 2.3, bør det takast med eit punkt om omsyn til og vektlegging av kulturhistoriske bygg og interesser som eit viktig element i utvikling av ein stad sin identitet og historie. Aktuell formulering kan td. vere: <i>Kulturhistoriske bygningsmiljø er viktig for identitet, og skal i senterområde ivaretakast gjennom bruk.</i></p> <p>Ein vil understreke at Bergen har ein interesse av og bør vere ein tydelig del av Tiltak 2.3 om analyse av «Attraktivitet i regionsenter – sentrums-kvalitet».</p>	<p>Planskildringa omtalar tema historie, særpreg og identitet. Kapittelet har delmål om å byggje utvikling på stadens historie. Tema kulturminne kan med fordel bli ytterlegare understreka gjennom å bli tatt inn som ei regional retningsline.</p> <p>Takast til orientering – dette vert tema i oppfølgingsfasen etter vedtatt plan.</p>
<p>Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod</p>	<p>Ein ser positivt på opplistinga av prinsipp for lokalisering av besøksintensive offentlige tenester på ulike senternivå, men vil peike på at ein ikkje anser opplistinga som uttømmende.</p> <p>Ein ser tiltak 3.1 (Samrådsforum for lokalisering av offentlige tenester) og 3.2 (Samlokalisering av helsetenester) som konstruktive bidrag til utvikling av attraktive senter. Kommunen føreset at dette gjelder tenester på regionalt nivå og vil peike på behov for å avklare nærare formål og organisering.</p>	<p>Opplistingane i tabell 3.1 er ikkje meint som uttømmende, men som retningsgivande prinsipp for nye lokaliseringar av dei opplista funksjonane – planen endrast for å presisere dette.</p> <p>Nærare konkretisering av tiltaka vert tema i oppfølgingsfasen etter vedtatt plan – innspelet takast elles til orientering.</p>

## Kap 4 Handel og kjøpesenter

Kommunen ser positivt på forslag om ei regional planføresegn for kjøpesenter som skal erstatte den rikspolitiske forskrifta. Dette kan gi grunnlag for ei forvaltning basert på god kunnskap om regionen og innsikt i handelssituasjonen. Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen sin rolle som regional planmyndigheit understrekast gjennom ansvaret for å gi samtykke til handelsetableringar etter samråd med fylkesmannen.

Forslaget til planføresegner er noko uklart på forholdet til spørsmål om lokalisering av detaljhandel utanfor definerte senterområde, samtidig som planforslaget opnar for lokalisering av daglegvarehandel nært bustadbebyggelse. Etter Bergen sin vurdering er det her føremålstentleg å sjå detalj- og dagligvarehandel under eitt, men tydelegare avgrense samla omfang av eksisterande og ny detaljhandel over tid, slik at det ikkje er grunnlag for at det etablerast nye senterområde utanfor vedtatt senterstruktur. For å unngå at summen av suksessive enkeltsøknader over tid skal kunne gi eit handelsomfang utover senteret sitt nivå, er det behov for nærare retningsliner om relevant storleik på handelsareal i forhold til senternivå. Det er relevant å ta med en nærare skildring av hensikta med føremålet inn i planføresegnene. Dette kan tydeleggjere grunnlaget for vurderingar av aktuelt handelsomfang.

I definisjon av handelsomland er det relevant å ta med overlapping av handelsområde og ta omsyn til at det også er ulike handelsomland for ulike varegrupper.

Når det gjeld forslag om unntak frå lokaliseringskravet for nærare definerte arealkrevjande varegrupper, vil kommunen foreslå at det også takast med varegruppene brune- og kvitevarer, samt møblar.

Ein vil understreke at det er vanskelig å finne eintydige svar på viktige spørsmål om aktuelt omfang av handelsverksemd og at det må gis robust rom for at handel også er dynamisk og sterkt konkurranseprega.

Takast til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planforslaget.

Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa. Sjå drøfting under punkt E) *Handel og kjøpesenter* i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.

Ein understrekar i planen at omlandsavgrensingane må sjåast på som grunnlag for konkrete vurderingar og ikkje som absolute grenser. Handelsanalyser vil sikre konkret og stadstilpassa vurdering av den enkelte saka. Sjå elles den overordna drøftinga i del 2.

Bransjegliding gjer det særst vanskeleg å skilje ut spesielle varegrupper frå annan detaljhandel – planforslaget skil berre ut eit fåtal varegrupper som bilar, båtar mv. som framleis i monaleg grad kan la seg handtere separat. All annan detaljhandel vil bli omfatta av dei regionale føresegnene.

Noko av det næringslivet etterspør frå det offentlege er føreseie som kan skape sikkerheit og langsiktigheit for private investeringar. Gjennom regionalt og kommunalt planarbeid kan ein leggje gode og langsiktige rammer for framtidig

	<p>utvikling – og slik gi næringslivet kjente føresetnader. Mellom anna gjennom bruk av handelsanalyse vil ein sikre at kvar enkelt sak blir sett i ein konkret og stadstilpassa samanheng. Planskildringa peikar på at det ikkje er mogleg å lage ein senterstruktur som er utan tilpassing og modifikasjon i praksis.</p> <p>Når det gjeld krav om bruk av en handelsanalyse for nytt bruksareal over 3.000 m<sup>2</sup>, vil kommunen understreke behovet for utarbeiding av ein mal, som det fremgår av forslag til tiltak.</p>	<p>Takast til orientering – mal for handelsanalyse er eit prioritert tiltak i planen med planlagt oppstart i 2015.</p>
<b>Tilråding:</b>	<p>Planen blir tilrådd endra i kap. 1 – det blir foreslått endringar i planen som gjer status for bydelssentera klarare.</p> <p>Tema kulturminne kan med fordel bli ytterlegare understreka gjennom å bli tatt inn som ei regional retningsline i kap. 2.</p> <p>Tabell 3.1 er ikkje meint som ekskluderande eller uttømmende, men som retningsgivande prinsipp for nye lokaliseringar. Dette bør komme tydeleg fram i forklarande tekst til tabell 3.1. og planforslaget blir tilrådd endra på dette punktet.</p> <p>Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa.</p>	

## Etne kommune

### Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Planforslaget tek opp relevante problemstillingar, framstår som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland og er lett for kommunane å ta til seg og bruke. Det er sett fram retningsliner før korleis kommunane skal/bør forvalte og utvikle sentrum, samtidig som det går klart fram av planforslaget at det er kommunane som har ansvaret for planlegginga og forvaltninga av areala.</p> <p>Det er ikkje for mange restriksjonar som kan medføre unødvendige konflikhtar mellom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap 2 Attraktive sentrum	Planen vil vere med å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum.	Takast til orientering.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	<p>Planen legg opp til at distriktskommunane fortsett kan leggje til rette for utvikling i kommunesentera og for eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel i distrikta.</p> <p>Planen kan kome i konflikt med føresegner og retningsliner for handelsetable-</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bak-</p>

	ringar i <i>Regional plan for Areal og transport på Haugalandet</i> som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar – ein plan som omfattar kommunane Etne og Sveio i Hordaland. Kommunen ber Hordaland fylkeskommune ta ein aktiv rolle for å sikre samsvar mellom dei to regionale planane. Kommunen ber om at føresegner og retningsliner for handelsetableringar ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyre.	grunn av høyringa. Sjå drøfting under punkt E) <i>Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
<b>Tilråding:</b>	Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa.	

## Fjell kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Gjennomgåande er retningslinene for detaljert formulert (innspelet gjeld kapittel 2, 4 og 5). Utviklinga av areala i regionsentera skjer i dag i tråd med nasjonalt lovverk og vert forvalta av primærkommunane. Det er difor ikkje naudsynt med detaljerte retningslinjer frå fylkeskommunen. I saksutgreiinga blir det utdjupa at for kapittel 2, 4 og 5 hadde planskildringa vore tilstrekkeleg.</p> <p>Handlingsprogrammet er fokusert på organisering av samhandling/samarbeid og kunnskapsauke/undersøkingar, noko Fjell kommune ser behovet for og kan slutte seg til.</p>	<p>Sjå drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Fjell kommune slutter seg til hovudmål, strategiar og forslag til senterstruktur i planutkastet.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at Fjell kommune har ikkje innvendingar til kriteria for regionsenter, og ønskjer Kleppestø og Husnes velkommen som nye regionale senter.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at Fjell kommune er einig i dei retningslinene som ligg til grunn for forvaltninga i kapittel 1 og vil følgje desse opp i egne planverk.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at Fjell kommune ser fram til fram til at analysen fylkeskommunen føreslår i handlingsprogrammet (tiltak 1.1) ligg føre, og blir gjort tilgjengelig for kommunen.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	I saksutgreiinga blir det peika på at Fjell kommune er einig i konklusjonane til planskildringa, men meiner at konklusjonane kjem for dårleg til uttrykk i forslaget	Tabell 3.1 er ikkje meint som ekskluderande eller uttømmende, men som retningsgivande prinsipp for nye lokaliseringar. Dette bør komme tydeleg fram i

	til prinsipp for lokalisering av dei nye besøksintensive offentlege tenestene. Særskilt bør funksjonsdelinga mellom regionsenter og kommunesenter tydeleggjerast og eventuelle unnatak grunn-gjevast.	forklarande tekst til tabell 3.1. og planfor-slaget blir tilrådd endra på dette punktet. Ein ønska ikkje ein tabell som var så detaljert at den blei lite fleksibel og utan rom for tilpassing – Hordaland har både store og små kommunar/tettstader - ta-bellen er meint som eit verktøy på eit overordna nivå.
<b>Tilråding:</b>	Tabell 3.1 er ikkje meint som ekskluderande eller uttømmmande, men som retningsgi-vande prinsipp for nye lokaliseringar. Dette bør komme tydeleg fram i forklarande tekst til tabell 3.1. og planforslaget blir tilrådd endra på dette punktet.	

## Gulen kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Knarvik har fleire viktige senterfunksjonar for Gulen kommune.	Er i tråd med planskildringa i planfor-slaget og takast elles til orientering.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Knarvik er vert for legevakt (kveld/natt) og augeblikkeleg-hjelp senger for Gulen kommune og fleire andre Nordhordlands-kommunar. Har pågåande samarbeid om Helsehus i Knarvik.	Takast til orientering.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Haugesund kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Haugesund kommune er det heilt natur-lege regionsenteret for Sveio og Etne.	Innspelet er i tråd med planen. Planen peikar på at Etne og Sveio har kort veg til Haugesund og i stor grad vil trekkjast mot Haugesund som regionsenter.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Haugesund kommune åtvarar mot formu-leringa i retningsline 3.2: <i>Statlege og fylkeskommunale tenester bør i størst mogleg grad organiserast i samsvar med fylkesgrenser, omland for regionale senter og kommunegrenser.</i> For Nord-Rogaland og Sunnhordland har det vore svært positivt å ha institusjonar som dekker ein naturleg geografisk region på tvers av formelle fylkesgrenser. Hauge-sund kommune vil difor be Hordaland fylkeskommune om å støtte opp om fort-satt integrering. Ei rigid forvaltning når det gjeld fylkesgrensa kan innebere tilba-keskritt i høve kollektivtrafikk, vidaregå-ande skuler mv.	Sjå drøfting under punkt D) <i>Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
<b>Tilråding:</b>	Retningsline 3.2 blir ikkje endra, men planskildringa i kap. 3 blir endra – slik at presi-serer at ein ikkje ønskjer å hindre effektiv samordning og vellukka samarbeid på tvers av forvaltingsgrenser.	



**Kvam herad****Fråsegn ved:** Heradsstyre

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Ser positivt på planforslaget og meiner at planen kan vere med på å sikre balansert utvikling i heile fylket.</p> <p>Understrekar, som nemnd i planen, at planen er rettleiande og krev lokal tilpassing.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Regional plan for attraktive senter er ein overordna plan og lokal tilpassing vil alltid vere naudsynt.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Er svært nøgd med at Norheimsund opprettheld status som regionsenter – dette vil styrkje heile regionen.</p> <p>Minner om at hytteutbygginga på Kvamskogen styrkjer grunnlaget for regionsenteret Norheimsund.</p>	<p>Takast til orientering. Norheimsund har status som regionsenter i det endelege planforslaget.</p> <p>Takast til orientering.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

**Kvinnherad kommune****Fråsegn ved:** Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Sluttar seg til planen sine mål og strategiar.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at planprosessen har hatt ein god balanse mellom framdrift, medverknad og fagleg breidde – men at høyring i sommarmånadene ikkje var ideelt i høve kommunal handsaming av planforlaget.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Det blei gitt kollektiv utvida høyringsfrist til 01.10.2014 for kommunar som ønskte meir tid til politisk handsaming av høyringsforslaget for å bøte på utfordringa med høyring i sommerhalvåret.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Av omsyn til likeverdig tenestetilbod og vekst i heile fylket er det viktig at Husnes får status som regionsenter.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at regionsenterstatus for Husnes samsvarar godt med haldninga til senterutvikling i kommunen, og at ein har von om at dette vil kunne verke positivt inn på utvikling av vegnett, kollektivtilbod mv.</p>	<p>Takast til orientering. Husnes har status som regionsenter i det endelege planforslaget.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap 4 Handel og kjøpesenter	I saksutgreiinga blir det peika på at føresegnene for handelsetablering truleg ikkje har mykje å seie for utviklinga i kommunen dei komande åra.	Takast til orientering.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

**Lindås kommune****Fråsegn ved:** Plan og miljøutvalet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Lindås kommune ser det som positivt at	Takast til orientering – innspelet er i tråd

	<p>planen skal erstatta fleire eldre regionale plandokument. Dette gjer regional politikk meir føreseieleg innanfor dette tema.</p> <p>For at planen skal føra til ønskt utvikling av sentera, er det viktig at fylkeskommunen følgjer opp tiltaka i handlingsprogrammet innan oppsett framdriftsplan.</p> <p>Lindås kommune vil peika på at områdeplan for Knarvik sentrum ligg ute til offentleg ettersyn. Planen legg rammer for at regionsenteret for Nordhordland skal utvikla seg til by innanfor planperioden. Kommunen meiner det er godt samsvar mellom Knarvik-planen og det som ligg som strategiar, retningslinjer og tiltak i framlegg til Regional plan for attraktive senter.</p>	<p>med intensjonen bak planarbeidet.</p> <p>Det er lagt vekt på at handlingsprogrammet skal vere spissa og gjennomførbart, under føresetnad av at ein ikkje får ein vesentleg endra ressursituasjon.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Lindås kommune ser på høyringsutkastet som eit godt styringsverktøy i høve utviklinga av ein tydeleg senterstruktur i fylket.</p> <p>Lindås kommune vil peika på at kommunestrukturen vil endra seg vesentleg både i Nordhordland og resten av fylket i planperioden. Det er viktig at regional plan for attraktive senter er robust og fleksibel nok til å møte denne nye kommunestrukturen.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen bak planarbeidet og innhaldet i planskildringa.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	<p>Lindås kommune ser det som viktig at statlege og regionale instansar tek aktiv del i å styrke regionsentera gjennom aktivitetar under sine ulike ansvarsområde.</p>	<p>Takast til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen bak planarbeidet og innhaldet i planskildringa.</p>
<b>Tilråding:</b>	<p>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.</p>	

## Meland kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Formannskapet i Meland påtaler at den regionale planen legg alt for sterke band på den kommunale handlefridomen og høvet til å styre den pågåande utviklinga på ein positiv måte. Det offentlege apparatet bør framstå som ein interessant samarbeidspart for utviklarar / næringsdrivande / innbyggjarar, men det oppnår ein ikkje gjennom denne regionale planen. Meland kommune meiner det offentlege med dette stiller seg på sidelina i høve til å skape reell vekst, gode møtestader og utvikling av gode tenestetilbod. Formannskapet i Meland ber om at det blir gjort ein grundig gjennomgang av retningslinjene og føresegnene, der ein</p>	<p>Etter plan- og bygningslova § 3-4 er føremålet med regional planlegging å stimulere den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i ein region. Ein av intensjonane bak Regional plan for attraktive senter har vore å prøve å foreine mål om vekst med mål om attraktivitet og berekraftig utvikling. Noko av det næringslivet etterspør frå det offentlege er føreseie, samspel og god infrastruktur som kan skape sikkerheit og langsiktighet for private investeringar. Gjennom regionalt og kommunalt planarbeid kan ein leggje gode og langsiktige rammer for framtidig utvikling – og gi næringslivet</p>

	<p>tek ut dei faglege råda, og at planen blir omforma slik at kommunen får høve til å spele på lag med kreftene som påverkar samfunnsutviklinga.</p> <p>I saksutgreiinga blir det utdjupa at kritikken mot føresegner og retningsliner særleg gjeld kapittel 2, 4 og 5 i planen. Retningslinene blir vurdert som gode fagelege råd, men som for detaljerte og i ein form som gjer at dei framstår som 'absoluttar' på ein uheldig måte i høve til kommunen sitt handlingsrom etter plan- og bygningslova § 3-3.</p>	<p>kjente føresetnader. Planen byggjer på ein tanke om at attraktive stader der folk trivast og vil bu, stimulerer til handel og næringsetablering. Sjå elles drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p> <p>Sjå drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at planen inneheld mykje bra tenking om senterstruktur – men at regionsenterstrukturen kanskje framleis framstår som litt lausrive frå kommunane i høve til kva rolle regionsentera skal ha.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at for delar av Nordhordland er t.d. Åsane eit vel så viktig senter som Knarvik.</p>	<p>Takast til orientering – tema kan bli eit punkt i analysane som er planlagd gjennom tiltak 1.1 (Samspel mellom regionsenter og omland) i planen.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap 2 Attraktive sentrum	<p>I saksutgreiinga blir det mellom anna peika på kommunen sjølv bør ta stilling til sentrumsutstrekning, jf. retningsline 2.3 om at eit kommunesenter kan ha ei utstrekning på inntil 600m.</p>	<p>Sjå drøfting under punkt C) <i>Attraktive sentrumsområde</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at kapittel 3 har gode omtalar av tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod, og retningsliner på eit generelt nivå.</p>	<p>Takast til orientering.</p>
Kap 4 Handel og kjøpesenter	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at forslag til føresegner for handel – i kombinasjon med retningsline om sentrumsutstrekning, høg bustadandel og kollektivknutepunkt i sentrum – kan hindre nok areal til handel. Kommunen ser seg ikkje tent med slike hindringar.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at kjøpesenter som logisk svar på hushaldningane sine krav til effektivitet ikkje er problematisert. Regional plan for attraktive senter synast å ville snu utviklinga tilbake til «idyllisk landsby».</p>	<p>For å fremje folkeliv og miljøvenleg transportmønster legg planen opp til at sentrum skal ha ein tettbygd og gangbar kjerne – då kan ikkje sentrum ha så stor utstrekning at folk vel bilen mellom ulike målpunkt i sentrum. Sjå drøfting elles under punkt A) <i>Generelt</i> og E) <i>Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p> <p>Regional plan for attraktive senter skil i prinsippet ikkje mellom kjøpesenter og anna form for handelsetablering. Planen problematiserer «tradisjonelle» kjøpesenter i høve lokalisering utanom det kollektive transportnettet og med ei utforming som framstår som 'innadretta' og gir lite attraktive uteområde. Om kjøpesenterbygg har god tilgjenge for dei som ikkje nyttar privatbil og integrerast i bystrukturen på ein god måte er planen ikkje negativ til effektive handelskompleks. I spørjeundersøkinga om sentrumsområda i Hordaland frå 2013 svara eit stort fleirtal at dei ønskjer å handle i noko som liknar</p>

		ein mindre tettstad framfor eit kjøpesenter (84% av dei spurde i Bergen, 74% av dei spurde i heile fylket). Attraktive og levande tettstader vurderast som viktig for turistnæringa.
Kap 5 Transport	I saksutgreiinga blir det peika på at det ikkje blei tatt omsyn til innspel til planprogrammet om å unngå lokalisering av transportknutepunkt i sentrum, og at det finst ulike typar kollektivknutepunkt.	Planen legg vekt på at kollektivknutepunkt bør liggje i/nært senter for å fremje miljøvenlege reiseval til handel og tenestetilbod, og for å sikre eit god tilgjenge til naudsynte funksjonar for dei som ikkje har bil. Planen peikar på at om gjennomfartstrafikk er eit problem for sentrums-kvalitet, bør slik trafikk gå via omkøyringsveg og ikkje gjennom sentrum. Regional plan for attraktive senter er ein plan for sentrumsområda i fylket – den legg ikkje føringar på kollektivknutepunkt utanom sentrum.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Odda kommune

### Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Meiner at planen er eit godt styringsverktøy for utvikling av regionsentera i fylket.</p> <p>Meiner planen er eit naturleg grunnlagsdokument for vidare diskusjon rundt justeringar av kommunestrukturen.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Det var ikkje ein intensjon bak planarbeidet å gjere vurderingar knytt til temaet endring av kommunestruktur. Planen legg til grunn at regionsentera skal vere så robuste at dei vil fungere også om kommunegrensene blir endra.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Saknar nærare vurderingar og kartfesting av kva som er funksjonsmessige/faktiske omland til dei ulike regionsentera. I Hardanger er kommunane arealmessig svært store og ulike delar av kommunane sokner til ulike regionsenter.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at auka handelsverksemd på Husnes vil kunne gi auka konkurranse om kundane, men at lågt folketal i det aktuelle området gjer at verknaden for handelsstanden i Odda er avgrensa.</p>	<p>Dette kan bli eit sentralt punkt i analysane som er planlagd gjennom tiltak 1.1 (Samspel mellom regionsenter og omland) i planen. Tiltaket legg opp til ein meir stadspesifikk tilnærming.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap 2 Attraktive sentrum	Kommunen vil søke om midlar til byutvikling i tråd med handlingsprogrammet til planen.	Odda kommune er velkomen til å søke om midlar og til vidare samarbeid om sentrumsutvikling.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	I saksutgreiinga blir det peika på at statlege arbeidsplassar / offentlege institusjonar er av stor betydning for kommunen og for Odda som regionsenter. Ein bør difor vere aktiv når det gjeld planens tiltak 3.1 – <i>Samrådsfora for lokalisering av offentlege tenester.</i>	Takast til orientering.

<p>Kap 4 Handel og kjøpesenter</p>	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at føresegnene for handel både kan bli sett på som mildare og strengare enn dagens krav – strengare fordi formuleringane er tydelegare med mindre rom for tvil. Odda sentrum er kompakt og det vurderast som lite sannsynleg at nye handelsetableringar i Odda kjem i konflikt med føringane. Ein ser likevel ein klar fordel i å definere ei sentrumsutstrekning gjennom ein kommunal områdeplan.</p> <p>I saksutgreiinga blir det vidare peika på at retningsline 4.4. (om at handel skal vere tema i kommuneplanens arealdel) og retningsline 4.5 (om at behov for areal til daglegvarehandel skal vurderast ved regulering av nye bustadområde) er gode føringar. Tiltak 4.1 – <i>Mal for handelsanalyse</i> blir vurdert som eit godt tiltak som bør få høg prioritet.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering. Tiltak 4.1 – <i>Mal for handelsanalyse</i> har fått høg prioritet i planen gjennom starttidspunkt i 2015.</p>
<p>Kap 5 Transport</p>	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at mål og retningsliner for transport tek opp sentrale tema for Odda og gir gode føringar for arealbruk. Men gjennomføring vil krevje store investeringar</p>	<p>Takast til orientering.</p>
<p><b>Tilråding:</b> Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.</p>		

## Os kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Generelt</p>	<p>Sluttar seg til planforslaget slik det føreligg.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at planen vil kunne bli eit godt hjelpemiddel i arbeidet med å vidareutvikle Os kommune.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
<p>Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur</p>	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at det at Osøyro berre har Os og Fusa som sitt omland i planen har lite praktisk betydning.</p>	<p>Takast til orientering.</p>
<p><b>Tilråding:</b> Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.</p>		

## Osterøy kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur</p>	<p>Ser positivt på forslag om eit regionsenter i aust og ser Arna som eit naturleg regionsenter for blant anna Osterøy.</p> <p>Ser nytten av å fordele dei regionale funksjonane slik at ein får eit redusert transportbehov. Men ønskjer å gjere</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Regional plan for attraktive senter har eit fokus på regionsenter mellom anna fordi det er desse sentera som blir definert</p>

	<p>merksam på at det er ein balansegang mellom å styrke regionsenter og å ivareta tilbod også utanfor regionale senter. Det er viktig at denne planen tek omsyn til at til dømes den vidaregåande skulen i kommunesenteret kan ivaretakast og utviklast utan at det kjem i konflikt med intensjonane i denne planen. Dette bør kome tydelegare fram av planen. Det er ei målsetting at sentera skal leggje til rette for vekst i heile fylket og då er det viktig at styrking av tenestene i regionsentera også ivaretar ønskje om livskraftige senter lokalt i kommunane.</p>	<p>gjennom regional plan. Planen støttar også opp om livskraftige kommune- og lokalsenter. Planen legg vekt på at kommunane sjølve skal vedta ein senterstruktur for kommunen som eit godt og føreseieleg grunnlag for vidare utvikling og framtidsretta transportplanlegging. Planen vektlegg at lokalisering av skule i senter vil vere ei styrke både for skulen og for senteret. Retningsliner i tabell 3.6 legg opp til at kommunesenter kan vere ein godt eigna stad for vidaregåande skule – samstundes som tabellen ikkje gir lovnad om at alle kommunesenter er aktuelle gjennom ordlyden 'eventuelt vidaregåande skule' i kommunesenter.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Radøy kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Meiner høyringsforslaget inneheld eit oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld tettstadutvikling og på bakgrunn av dette gir klare tilrådingar for kva som skal til for å skape attraktive senter. I så måte vil planen kunne vere retningsgivande for kommunale planar.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Det kan vere gode grunna til å etablera Husnes og Kleppstø som nye senter, men det vil føre til at Nordhordland med nær 40.000 innbyggjarar berre har eitt regionsenter medan resten av regionane i fylket har fleire. Dersom ein legg opp til ei spissing av økonomiske tilskot inn mot regionale senter, vil dette dermed slå negativt ut for Nordhordland, som allereie ligg etter når det gjeld fordelinga av regionale næringsmidlar.	Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
Kap 2 Attraktive sentrum	Ein registrerar at høyringsdokumentet legg opp til å vidareføre tilskot til by- og tettstadutvikling <i>utan</i> at det er nemnd at midlane skal spissast mot dei regionale sentera. Dette er positivt, og kommunen legg til grunn at dette også vert gjeldande i handsaminga av søknader om tilskot. Understrekar at det er viktig at kommunane framleis skal få tilgang til by- og tettstadutviklingsmidlar til kommunesenter.	Sjå kommentar til Austrheim kommune som har gitt likelydande innspel.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Radøy kommune meiner at prinsippopplistinga i tabell 3.1 i plandokumentet er for snevre for kva tenester og funksjonar det kan opnast for i noverande kommunesenter. Opplistinga må vere som døme, og ikkje nyttast ekskluderande.	Opplistingane i tabell 3.1 (Prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester) er ikkje meint som ekskluderande eller uttømmende, men som retningsgivande prinsipp for nye lokaliseringar – konkrete vurderingar i

		kvar enkelt sak vil alltid vere naudsynt. Hensikta med tabell 3.1 bør komme tydeleg fram i forklarande tekst til tabell 3.1.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	Radøy kommune er usamd i regional føresegn i kap. 4, pkt 4.1 om grense for areal for handelssenter og meiner dette er for strenge krav å ta inn i planen. Ei slik arealavgrensing kan t.d hindre ei naturleg samanføyning av forretningsbygg i kommunesenteret på Manger. Grense for areal må vere rådgjevande, uavhengig av definerte handelssenter og ikkje til hinder for vekst og utvikling.	Kommunesenteret Manger er eit definert senter og blir difor ikkje direkte ramma av arealgrensa i pkt. 4.1 dersom handelsarealet ligg innanfor det som er naturleg å definere som sentrumsutstrekninga i senteret og ein handelsanalyse gir klar-signal for utbygging. Sjå elles drøfting under punkt E) <i>Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
<b>Tilråding:</b>	Tabell 3.1 er ikkje meint som ekskluderande eller uttømmmande, men som retnings-givande prinsipp for nye lokaliseringar. Dette bør komme tydeleg fram i forklarande tekst til tabell 3.1. og planforslaget blir tilrådd endra på dette punktet.	

## Samnanger kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Har ikkje merknader til planforslaget.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Interessene til Samnanger er godt tekne i vare ved at Arna er utpeika som region-senter for kommunen.	Takast til orientering. Indre Arna har sta-tus som senter med regionale funksjonar for Vaksdal, Osterøy og Samnanger i det endelege planforslaget.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fråsegn ved: Styreleiar / Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Planforslaget framstår som ein god rett-leiar for framtidig planlegging av attrakti-ve senter i Hordaland og er lett for kom-munane å ta til seg og bruke.  Det er ikkje for mange restriksjonar som kan medføre unødvendige konflikhtar mel-lom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar.  Handlingsprogrammet har mange ulike tiltak og rådet støttar opp om desse. Skal ein lukkast i gjennomføringa er ein av-hengig av brei involvering – ein del av tiltaka gjennomførast i fleire område.	Takast til orientering.  Takast til orientering.  Takast til orientering – aktivt samarbeid med kommunar er sentralt i mange av tiltaka handlingsprogrammet.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Støttar opp om Husnes som regionsen-ter. Men presiserer at Leirvik er region-senter for Sunnhordland og at Husnes blir regionsenter for Kvinnherad.  Det er viktig at dei to regionsentera i Sunnhordland ikkje blir sett opp i mot	Innspelet er i tråd med planforslaget slik det føreligg.  Takast til orientering. Dette kan mellom bli tema i analysane som er planlagd

	<p>kvarandre, td. i høve kanalisering av midlar, men får utvikle seg i tråd med sin eigenart og sine føresetnader.</p> <p>Ser det som ei styrke om tiltak 1.1 (Samspel mellom regionsenter og omland) sjåast i samanheng med at Sunnhordland med Stord kommune er med i fase 1 i <i>Byregionprogrammet</i> i regi av Kommunal og Moderniseringsdepartementet. Peikar på at <i>Byen og regionsenteret Stord – lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?</i> kan vere pilot med oppstart tidleg i 2015 då Byregionprogrammet går inn i fase 2.</p>	<p>gjennom tiltak 1.1 (Samspel mellom regionsenter og omland) og tiltak 2.3 (Attraktivitet i regionsenter) i planen.</p> <p>Fylkeskommunen noterar ønskje – temaet er relevant i oppfølgingsfasen etter vedtatt plan.</p>
Kap 2 Attraktive sentrum	<p>Planen vil vere med å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum.</p> <p>Det kan i tilknytning til tiltak 1.1 gjerast eit arbeid i Leirvik sentrum i høve til tiltak 2.2 (pilot i eit BID-prosjekt).</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Fylkeskommunen noterar ønskje – temaet er relevant i oppfølgingsfasen etter vedtatt plan.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	<p>For Nord-Rogaland og Sunnhordland har det vore svært positivt å ha institusjonar som dekker ein naturleg geografisk region på tvers av formelle fylkesgrenser. Rådet vil difor be Hordaland fylkeskommune om å støtte opp om fortsatt integrering slik at fylkesgrensa vert minst mogeleg til hinder for samfunnsutviklinga.</p>	<p>Sjå drøfting under punkt <i>D) Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>
Kap 4 Handel og kjøpesenter	<p>Planen legg opp til at distriktskommunane fortsett kan leggje til rette for utvikling i kommunesentera og for eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel – dette er ei viktig avklaring for kommunane då planen ikkje må føre til auka sentralisering.</p> <p>Planen kan kome i konflikt med føresegner og retningsliner for handelsetableringar i <i>Regional plan for Areal og transport på Haugalandet</i> som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar – ein plan som omfattar kommunane Etne og Sveio i Hordaland. Rådet ber Hordaland fylkeskommune ta ein aktiv rolle for å sikre samsvar mellom dei to regionale planane. Rådet ber om at føresegner og retningsliner for handelsetableringar ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyre.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa. Sjå drøfting under punkt <i>E) Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>
Kap 5 Transport	<p>Peikar på at Regional transportplan seier at det skal vere gode samband mellom regionsentera i fylket – av dette følger det at utbetring av sambandet mellom Husnes og Leirvik må ha høg prioritet.</p>	<p>Regional plan for attraktive senter er ein plan for senterområda i fylket, og for senterstrukturen – innspelet om prioritering av vegsamband ligg i hovudsak utanfor Regional plan for attraktive senter sitt mandat.</p>
<b>Tilråding:</b>	<p>Retningsline 3.2 blir ikkje endra, men planskilddinga i kap. 3 blir endra – slik at presiserer at ein ikkje ønskjer å hindre effektiv samordning og vellukka samarbeid på tvers av forvaltingsgrenser.</p>	



Føresegner og retningslinjer for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa.

## Stord kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Planforslaget vil gi kommunen god hjelp og eit godt verktøy i arbeidet med å oppretthalde og utvikle gode, attraktive og robuste senter.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Regional plan for attraktive senter har ein viktig funksjon i å fastsetje regionale hovudsenter og leggje rammer for arbeidsdelinga mellom fylkessenter, regionsenter og kommunesenter.</p> <p>Formannskapet legg til grunn at planen stadfestar Stord og Leirvik sin funksjon som regionsenter for Sunnhordlandsregionen.</p> <p>Ein kan ikkje sjå at konsekvensane for Leirvik som regionsenter som følgje av Husnes som nytt regionsenter er godt nok utgreidd. Det er uklart i kva grad denne endringa vil medføre ei oppbygging av regionsenterfunksjonar på Husnes som alt i dag er på Stord, og kva konsekvensar dette i så fall vil få for desse regionsenterfunksjonane og for fylkeskommunen sine prioriteringar og løyvingar. I saksutgreiinga blir det peika på at nytt regionsenter på Husnes vil gi Leirvik som regionsenter eit minska omland og dermed eit lågare grunnlag for handelsareal.</p> <p>Når senter som berre har sin eigen kommune som omland vert definert som regionsenter er det grunn til å stille spørsmål ved regionsenteromgrepet.</p>	<p>Takast til orientering – dette er eit viktig punkt i planen.</p> <p>Leirvik har status som regionsenter i det endelege planforslaget.</p> <p>Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p> <p>Spørsmålet har vore drøfta i planarbeidet. Ein har valt å behalde omgrepet regionsenter sjølv om 'regionen' berre er ein kommune mellom anna for å unngå å innføre heilt nye omgrep / fordi omgrepet regionsenter er godt innarbeidd.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	I saksutgreiinga blir det peika på at Stord og Sunnhordland har viktige statlege funksjonar og infrastruktur felles med Nord-Rogaland. Ein må difor ha fokus på at områda mellom Boknafjorden og Bjørnefjorden i større og større grad må sjåast i samheng og at ein samarbeider på tvers av fylkesgrensene og styrkjer grunnlaget for å oppretthalda og utvikle viktige statlege funksjonar.	Sjå drøfting under punkt D) <i>Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
<b>Tilråding:</b>	Retningsline 3.2 blir ikkje endra, men planskildringa i kap. 3 blir endra – slik at presiserer at ein ikkje ønskjer å hindre effektiv samordning og vellukka samarbeid på tvers av forvaltingsgrenser.	

Sund kommune		
Fråsegn ved: Kommunestyret		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Sund kommunestyre seier seg godt nøgd med planforslaget. I saksutgreiinga blir det utdjupa at planen legg føringar for ei utvikling som kan vere tenleg for Sund kommune, og vil vere ei god støtte i det vidare arbeidet med senterutvikling i Sund.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at det er positivt at mange av punkta i handlingsprogrammet opnar for fagleg og økonomisk støtte til kommunane frå fylkeskommunen knytt til vidare lokal planlegging av senterutvikling.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Både fagleg og økonomisk støtte blir vurdert som viktige bidrag for å måla i planforslaget og vil bli ein del av oppfølginga av den regionale planen, under føresetnad av at ein ikkje får ein vesentleg endra ressursituasjon.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Ein meiner at planen kan vere tydelegare på dei konsekvensar kommunesamanslåing kan få for utviklinga av det som er kommunesenter i dag og korleis regionen kan vera med å sikre vidare positiv utvikling i desse sentera i samsvar med lokalt vedtekne planar.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at planforslaget gir god oversikt over den struktur og dei føringar fylkeskommunen vil skal leggjast til grunn for vidare senterutvikling i Hordaland. Planen kan gi nyttig støtte i arbeidet med senterutvikling på ulike nivå i kommunane.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at planen sitt framlegget til senterstruktur støttar opp under det utviklingsbiletet som vert kalla «desentralisert konsentrasjon», men at tilboda i Bergen sentrum likevel vil vere viktige for mange sundsokningar i det daglege.</p>	<p>Regional plan for attraktive senter er ein overordna plan for positiv utvikling av alle sentrumsområda i Hordaland – både regionsenter, kommunesenter og lokalsenter. Utviklinga framover i høve kommunereforma er såpass uviss at det var vanskeleg å seie noko sikkert om temaet i planen – dette var heller ikkje nokon intensjon. Intensjonen var å laga ein plan som var robust og som kunne stå seg også ved ein endra kommunestruktur.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap 2 Attraktive sentrum	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at endring av kommunegrensene ikkje bør føre til oppbremsing i arbeidet med å utvikle Skogskiftet som senter.</p>	<p>Takast til orientering.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	<p>Det er ynskjeleg at det vert presisert kva som skjer med tidlegare kommunesentra ved ei eventuell kommunesamanslåing når det gjeld offentlege tenester. I saksutgreiinga blir det utdjupa at Skogskiftet er eit av områda i Sund med flest arbeidsplassar. Mange av desse arbeidsplassane er knytte til offentleg teneste-</p>	<p>Sjå kommentar til innspel over til kap.1 – innspelet takast elles til orientering.</p>

	yting. Mange offentlege tenester, særleg til brukarar med spesielle hjelpebehov, vert opplevd som svært viktig å ha tilgjengeleg lokalt.	
Kap 4 Handel og kjøpesenter	I saksutgreiinga blir det peika på at Sund er ein av kommunane i Hordaland med størst handelslekkasje. Ein kan ikkje sjå at framlegget til føresegner i kapittel 4 som gjeld Handel og kjøpesenter skal vere til hinder for vidare utbygging av handelsverksemd i kommunesenteret.	Takast til orientering.
Kap 5 Transport	I saksutgreiinga blir det peika på at Skogsskiftet ligg inne som eit ytterpunkt i fylkeskommunen sin plan for vidareutvikling og styrking av kollektivtransporten. Det er viktig for Sund å oppretthalda denne statusen. Ei opprusting av FV 555 er naudsynt for å sikre at brukarane skal oppleva busstilbodet som effektivt.	Takast til orientering, men deler av innspelet ligg utanfor rammene for Regional plan for attraktive senter.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Sveio kommune

### Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Planforslaget tek opp relevante problemstillingar, framstår som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland og er lett for kommunane å ta til seg og bruke. Det er sett fram retningslinjer før korleis kommunane skal/bør forvalte og utvikle sentrum, samtidig som det går klart fram av planforslaget at det er kommunane som har ansvaret for planlegginga og forvaltninga av areala.</p> <p>Det er ikkje for mange restriksjonar som kan medføre unødvendige konflikhtar mellom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap 2 Attraktive sentrum	Planen vil vere med å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum.	Takast til orientering.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	<p>Planen legg opp til at distriktskommunane fortsett kan leggje til rette for utvikling i kommunesentera og for eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel i distrikta.</p> <p>Planen kan kome i konflikt med føresegner og retningslinjer for handelsetableringar i <i>Regional plan for Areal og transport på Haugalandet</i> som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar – ein plan som omfattar kommunane Etne og Sveio i Hordaland. Kommunen ber Hordaland</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Føresegner og retningslinjer for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa. Sjå drøfting under punkt E) <i>Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>

	fylkeskommune ta ein aktiv rolle for å sikre samsvar mellom dei to regionale planane. Kommunen ber om at føresegner og retningsliner for handelsetableringar ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyre.	
<b>Tilråding:</b>	Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa.	

## Vaksdal kommune

### Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Vaksdal kommune ser positivt på senterstrukturen som høyringsutkastet skisserte. Vaksdal kommune ser at kriteriene for både innbyggartal og reisetid er viktige parameter i samansetjinga rundt regionsenter. Sameina av Vaksdal, Osterøy, Samnanger og Arna, med sistnemde som regionsenter, tilfredsstiller dei føringane som er gitt i dette. Denne sameina har mange av dei same felles utfordringane i samfunnsstruktur og utvikling og eit sterkt regionsenter med godt tilbud for felles tenester som arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod, handel og transport vil vere samlande og til felles nytte. Det vil vere viktig å tilføre Arna tilstrekkeleg med ressursar til å framstå som eit sterkt regionsenter.</p> <p>Dei deler av kommunen som vil få monaleg lengre reisetid enn 1 time til regionsenteret Arna, må kunna knytte seg til regionsenter som ligg nærare, t.d. Voss og/eller Knarvik.</p>	<p>Takast til orientering – Indre Arna har status som senter med regionale funksjonar for Vaksdal, Osterøy og Samnanger i det endelege planforslaget.</p> <p>Innspelet er i tråd med planforslaget – ein understrekar i planen at omlandsavgrensingane må sjåast på som grunnlag for konkrete vurderingar og ikkje som absolutte grenser. Punktet vil også bli tatt opp i oppfølgingsfasen gjennom analysen i tiltak 1.1.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Ved å satse på ein desentralisert struktur i Hordaland vil regionsentera bli styrka. Dette kan gi innbyggjarane betre tilgang til fylkeskommunale tenester som til dømes tannhelsetenester.	Takast til orientering.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Voss kommune

### Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Voss kommune finn den nye planen for senter i Hordaland som god og gjennomarbeidd.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Som regionsenter ønskjer Voss å peike på at det er viktig at ein framover bygger opp om dei regionsentra ein har i fylket.	Takast til orientering.

	Det vil krevja prioriteringar, særleg knytta til infrastruktur. Ein plan for infrastruktur, slik som denne, legg opp til korte avstandar i dei ulike sentera, men også å korte ned avstandane mellom sentra. Det er god og framtidsretta politikk.	
Kap 2 Attraktive sentrum	Ei særleg utfordring framover er senterumsutvikling. I landet generelt og i Hordaland møter mange kommunar dei same utfordringane knytta til etablerte sentrum og konkurranse frå nye etableringar eller frå internetthandel.	Takast til orientering – dette er eit viktig punkt i planen.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	<p>På Voss opplever Vossevangen utfordringar knytta til nye etableringar i randsonen til sentrum eller utanfor sentrum. Voss kommune støttar framlegget om at detaljhandel skal i hovudsak i senter og innanfor sentrumsområdet. Dette er eit viktig grep for å halde opp den senterstrukturen vi allereie har.</p> <p>Voss kommune har god erfaring med eit eige kontaktutval mellom kommune og næringslivet, og støttar eit liknande tiltak frå fylke si side (tiltak 4.2 i planforslaget).</p> <p>For å støtta opp om næringslivet og senterumsutviklingar og for å gå til kjernen av problemet kunne Hordaland fylke utvida sitt engasjement og tatt initiativ til ein årleg konferanse om sentrumsutvikling og næringsutvikling i heile fylke. Det er etter vårt syn store overføringsverdiar gjennom å samla kommunar og næringsliv til ein slik konferanse.</p>	<p>Takast til orientering – temaet er eit viktig punkt i planen.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Fylkeskommunen noterar ønskje – innspelet er interessant. Men i den neste fireårsperioden (handlingsprogrammet er fireårig) vurderer ein det slik at ein prioriterer å vidareutvikle dei eksisterande konferansane (den årlege <i>Plankonferansen</i>, <i>Tettstadskonferansen</i> mv.). Temaet sentrumsutvikling og næringsutvikling kan vere eit sær særeleigna tema for ein av desse konferansane. Ein vil også jobbe for at tema vert tema for næringssamarbeid etc.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Øygarden kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Øygarden kommunestyre tilrår høyringsutkast «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» slik det ligg føre.</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på planforslaget er eit gjennomarbeida og oversiktleg plandokument som har eit overordna blikk for styrking/etablering av regionsentera i heile fylket. Planen er utforma på ein lesarvenleg måte.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	I saksutgreiinga blir det peika på at Øygarden kommunestyre har alt slege fast i kommuneplanen at Straume er	Takast til orientering.

	<p>regionsenter for kommunen. Eit forsterka sentrum på Straume kan føra til ytterlegare handelslekkasje frå Øygarden om ein ikkje byggjer opp om utviklinga i dei lokale sentra (Rong og Tjeldstø).</p> <p>I saksutgreiinga blir det peika på at berre tida vil vise om planen er kompatibel med resultatet av den føreståande kommunesamanslåingsreforma.</p>	<p>Takast til orientering.</p>
<p>Kap 4 Handel og kjøpesenter</p>	<p>I saksutgreiinga blir det peika på at konsekvensutgreiinga peikar på ein vesentleg svakheit i føresegnene (kap 4) ved at dei berre fokuserer på etablering av nytt areal i staden for samla volum etter utbygging/utviding (etappevise utvidingar under 3000 m<sup>2</sup> er tillatt). Over tid kan dette gje negative konsekvensar for sentrumsutvikling.</p>	<p>Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa. Sjå drøfting under punkt E) <i>Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>
<p><b>Tilråding:</b></p>	<p>Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa.</p>	

## 4.2 Regionale statsetatar

4 regionale statsetatar har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden.

### Den norske kyrkja

**Fråsegn ved:** Kyrkjefagsjef, Bjørgvin bispedømeråd

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Kyrkja er ikkje nemnd i planen. Meiner det er viktig at kyrkja blir nemnd slik at kyrkja tidleg får plass i nye senterområde. Kyrkja står for verdiar som ein ønsker skal vere tydelege midt i blant folk der dei samlast.	Kyrkja er nemnt i planen gjennom omgrepet «religiøse forsamlingshus» i kapittel 3. Omgrepet religiøse forsamlingshus blei valt for å ikkje ekskludere andre religionar sine forsamlingslokale / unngå ei lang opplisting av ulike religiøse forsamlingslokale i plandokumentet. Kyrkja har funksjon og verdi i sentrum, og planskildringa og tabell 3.1. blir utvida til å omfatte omtale av dette.
Kap 2 Attraktive sentrum	Kyrkja er med på å gjere sentrumsområda attraktive både med sitt tilbod og sin estetikk, samt aktivitet utover vanleg kontortid.	Kyrkja har funksjon og verdi i sentrum, og planskildringa og tabell 3.1. blir utvida til å omfatte omtale av dette.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Kyrkjer og kyrkjelydshus har mykje til felles med kulturhus og bibliotek, og gjev folk eit meningsfullt fritidstilbod / rom for noko anna enn det kommersielle.	Takast til orientering. Tema nemnast i planskildringa i same avsnitt som omhandlar kulturhus og bibliotek.
Kap 5 Transport	Kyrkja må liggje sentralt i høve til kollektivtrafikk.	Takast til orientering. Sentral lokalisering er viktig for tilgjenge og miljøvenleg transport, og i tråd med føringar i planen.
<b>Tilråding:</b>	Planen blir tilrådd endra – kyrkja har funksjon og verdi i sentrum, og planskildringa og tabell 3.1. blir utvida til å omfatte omtale av dette.	

### Fylkesmannen i Hordaland

**Fråsegn ved:** Fylkesmannen v/ assisterande fylkesmann

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Finn det positivt at fylkeskommunen har utarbeidd ny plan for senterstruktur og handel, og stør hovudmål og strategiar.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Planframlegget opnar for to nye region-senter: Kleppstø og Husnes. Fylkesmannen er samd med dette framlegget. Peikar på at dette mellom anna vil gjere handelsområdet for eksisterande regionsenter Straume noko mindre.	Takast til orientering.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	Fylkesmannen registrerar at ramma for etablering av handel er noko romslegare enn fylkesdelplanen (grense for analyse m.m. er auka frå 1500 m2 til 3000 m2) jf. pkt. 4.1. Opphavleg grense var betre i samsvar med den ambisiøse klimaplanen for fylket, men grensa på 3000 m2 er lik grensa som er satt i forskrifta. Fylkesmannen tar såleis til etterretning at grensa vert heva til 3000 m2 med dette	Føresegner og retningslinjer for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa. Sjå drøfting under punkt E) <i>Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.

planframlegget, men hadde ynskja at grensa på 1500 m<sup>2</sup> vart ståande.

Eit anna punkt som er endra i høve til fylkesdelplanen, er grensa for utviding av eksisterande handelsverksemd, som ikkje er nemnd i det heile (jf. pkt. 4.1.). For å unngå ei utholing av regelverket gjennom suksessive utvidingar kor kvar einskild utviding er på mindre enn 3000 m<sup>2</sup>, må ein i pkt. 4.1. også setje ei grense for utviding av eksisterande handel. Det vil vere i samsvar med «Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre» § 3 andre avsnitt om at «*For områder som ikke omfattes av slik plan, er det ikke tillatt å etablere eller utvide kjøpesentre med et samlet bruksareal på mer enn 3000 m<sup>2</sup>.*». Både pkt. 4.1 og 4.2 må endrast i samsvar med innhaldet i den rikspolitiske forskrifta. I pkt. 4.2 må ordet «nytt» takast ut i første avsnitt.

I andre avsnitt i pkt. 4.1. i planframlegget opnar ein for unntak for såkalla plasskrevjande varer, men med innblanding av anna varesortiment. Å opna for innslag av anna varesortiment slik pkt 4.1. er utforma, stiller vi oss kritiske til.

I føresegna pkt. 4.2 som omhandlar krav til handelsanalyse, saknar vi ei klargjering av kvifor handelsanalyse må utarbeidast. Vi meiner pkt. 4.2. difor må utvidast med t.d.: «*Nytt eller utvida bruksareal må tilpassast stadens storleik, funksjon og handelsomland.*»

I pkt. 4.3 om samtykke vil vi peike på at i fylgje § 8-5 i planlova kan samtykke gjevast i samråd med Fylkesmannen. Vi vil også vise til rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet kap. 7.4 side 26 om regional planføresegn kor det klart går fram at: «*Det legges til grunn at regional planmyndighet ikke kan gi samtykke dersom Fylkesmannen kan vise til at dette openbart er i strid med nasjonale interesser.*» Fylkesmannen meiner difor at ordet høyring må endrast til samråd i siste setning i andre avsnitt under pkt. 4.3.

#### Fylkesmannen sin konklusjon:

Planframlegget slik det no føreligg bryt med nasjonal politikk, og fylkesmannen ber difor om at fylkeskommunen tar merknadene til fylgje, elles vil ein måtte vurdere å sende saka til departementet (jf. pbl. § 8-4).

(same kommentar som over)

(same kommentar som over)

(same kommentar som over)

Punktet er dekkja inn gjennom § 8-5 i plan- og bygningslova – for betre samsvar med Regional plan for Haugalandet flyttast punktet til planskildringa og til retningslinene. Planen endrast elles i tråd med innspelet.

Føresegner og retningsliner for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa. Sjå drøfting under punkt E) *Handel og kjøpesentre* i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.



<b>Tilråding:</b>	Føresegner og retningslinjer for handel i kap. 4 i planforslaget endrast på bakgrunn av høyringa.
-------------------	---

## Jernbaneverket

**Fråsegn ved:** Regional plan- og utviklingsdirektør, Strategi og samfunn, strategi sør og vest

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Kap 5 Transport	<p>Støttar opp om overordna mål for transport.</p> <p>Peikar på at sentera Bergen, Arna, Voss og Dale har nytte av jernbana.</p> <p>Legg vekt på at stoppestadane for jernbane skal danne sentrale kollektivknutepunkt som er attraktive, trygge og universelt utforma. Ønskjer saumløyse knutepunkt der ulike transportmiddel blir knytt effektivt saman og bussavgangar er koordinert med jernbana sine rutetider.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Statens vegvesen

**Fråsegn ved:** Veg- og transportavdelinga, Region vest

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Utviklinga av gode sentrumsområde og ein god senterstruktur er viktig for å nå transportpolitiske målsetjingar knytt til samordna areal- og transportplanlegging. Planen kan bli ein god reiskap for å nå desse måla.	Takast til orientering.
Kap 5 Transport	<p>Retningsline 5.5 pkt1: Det bør leggjast til eit punkt om at gjennomgangstrafikk i utgangspunktet ikkje bør leiast gjennom sentrum.</p> <p>Retningsline 5.5 pkt2: Det bør ikkje vere eit generelt krav at all trafikk gjennom sentrum bør skje etter prinsippa om miljøprioritert gjennomkøyring (miljøgate). Dette kan gi dårleg framkome for kollektivtrafikk og for syklistar.</p> <p>Retningsline 5.6: Det bør ikkje vere ei generell føring at oppstillingsareal for bussar bør lokaliserast utanfor sentrum – dette kan skape problem for effektivitet og punktlegheit.</p> <p>Retningsline 5.10: Den delen av punktet som lyder «alternativt skal hovudtrase følgje bilveg kor motoriserte køyretøy og</p>	<p>På nokre stader kan gjennomfartstrafikk i sentrum vere ei løysing som fungerer, så framt ein planlegg for dette på riktig måte. Ein vurderer at endra forslag til retningsline 5.5 fangar opp mykje av innspelet og sikrar at ikkje gjennomfartstrafikken skapar store problem i sentrum.</p> <p>Planen endrast i tråd med innspelet. Det er ønskeleg med ein plan som fremjar best mogleg framkome for kollektivtrafikk og syklistar.</p> <p>Planen endrast i tråd med innspelet.</p> <p>Planen endrast i tråd med innspelet.</p>

	<p>sykkel er likestilte trafikantgrupper» bør utgå frå planen då dette ikkje er god tilrettelegging for syklistar. Ordet «bilveg» bør unngåast då det ikkje er ei nemning i trafikkreglane.</p> <p>Retningsline 5.12: Andre setning bør lyde (tillegg i kursiv) «Talet på parkeringsplassar, tidsavgrensing og parkeringsavgift skal tilpassast servicenivå på kollektivtilbodet og <i>tilrettelegginga for sykling og gåing</i>».</p> <p>Retningsline 5.14: Punktet bør utgå. Det er alt gitt detaljerte føringar for fastsetjing av fartsgrense i forskrifter og nasjonale retningslinjer.</p>	<p>Planen endrast i tråd med innspelet.</p> <p>Mange av dei regionale retningslinene i planforslaget inngår også i forskrifter og nasjonale retningslinjer. Retningslina er tatt med for å setje ekstra fokus på dei nasjonale føringane i ein regional kontekst, og understreke at låg fartsgrense er viktig i sentrum. Retningslina blir ikkje tilrådd tatt ut i den endelege planen.</p>
<p><b>Tilråding:</b></p>	<p>Planforslaget sine regionale retningslinjer for transport i delkapittel 5.3 endrast i tråd med innspela på følgjande punkt: 5.5 pkt2, 5.6, 5.10, 5.12. Retningsline 5.5 pkt1 endrast delvis i tråd med innspelet.</p>	

## 4.3 Næringsaktørar

4 næringsaktørar har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden.

### Hovedorganisasjonen Virke

Fråsegn ved: Direktør for samfunnskontakt

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Planen set gode mål for senterutvikling.</p> <p>Planen er svært generell og Virke saknar konkrete tiltak / meir konkret tilnærming – særleg til utfordringane i Bergen sentrum.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Det er kommunane som er planmyndigheit på lokalt nivå. Regional plan for attraktive senter skal vere ein overordna plan for alle sentrumsområda i fylket. Det er difor naudsynt å finne ein balansere mellom ønskje om å vere konkret og det å fremje sentrumsutvikling på eit meir generelt nivå. Til dømes tiltak 1.1, 2.1 til 2.5, 3.1, 3.2 og 4.2 i planen kan innebere moglegheiter for regional/kommunal samhandling og for ein vesentleg meir stadspesifikk tilnærming til viktige utfordringar.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Næringa støttar nye regionsenter og styrking av eksisterande regionsenter. Dette er viktig for å handtere venta befolkningsvekst.	Takast til orientering.
Kap 2 Attraktive sentrum	Fortetting med bustad er truleg det viktigaste tiltaket for levedyktige sentrum.	Takast til orientering. Planen vektlegg at sentrum skal vere ein stad for bustadbygging.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	Etterlyser handelsanalyse med tema tilgjenge, framkome og samansetning av servicetilbod – kva skal til for at folk i større grad vel å handle i (Bergen-) sentrum.	Planforslaget byggjer på <i>AUD-rapport 7/13: Handel og kjøpesenter i Hordaland</i> og dei analysane som ligg til grunn for denne rapporten. Den regionale planen legg ikkje opp til ein fullstendig regional handelsanalyse. Tema som nemnast kan vere sentrale punkt i analysane som er planlagt gjennom tiltak 1.1 (samspel regionsenter/omland) og 2.3 (sentrums-kvalitet). I planens tiltak 4.2 (kontaktutval handelsnæring/planmyndigheit) inngår det mellom anna å oppdatere faktagrunnlag/statistikk for utviklinga i handelsnæringa i fylket og annan relevant kunnskap for handelsetablering.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

### Lagunen storsenter

Fråsegn ved: Adm.direktør, Lagunen AS / Lagunen eiendom AS

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Finn at innspel til planarbeidet frå Olav Thon Gruppen datert 18.12.2012 berre i liten grad er innarbeida i høyringsforslaget.</p>	<p>Olav Thon Gruppen hadde ei rekkje innspel til planarbeidet i brev av 18.12.2012. Nokre av innspela er godt ivaretatt i planen. Punkt om at nesten alle typar detaljhandel kan integrerast i sentrumskjerner</p>

		er heilt i tråd med planforslaget. Innspel om utgreiingar blei i planprogramfasen vurdert som interessante, men for omfattande til å inngå i arbeidet med Regional plan for attraktive senter. Men innspela takast med vidare, mellom anna i arbeidet med <i>Regional areal- og transportplan for Bergensområdet</i> . Sjå t.d. også TØI rapport 1087 frå 2010 for nasjonal drøfting av problematikken knytt til transportarbeid og innkjøpsreiser. Når det gjeld innspel om å i større grad lage ein senterstruktur basert på handel og det private servicetilbodet, så har ein i planen valt å vektleggje funksjonsblanding med eit breiare fokus. Offentlege etatar tilbyr gjerne brukarane digitale løysingar – men mange er også publikumsretta. Det offentlege tenestetilbodet har ofte mange tilsette og bør difor liggje i senter som er kollektivknutepunkt. Når det gjeld innspel om innfartsparkering blei det bestemt at Regional plan for attraktive senter ikkje skulle ta opp dette temaet – det er satt i gang andre regionale prosessar som vil utforme ein regional politikk for temaet.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Ber om at Rådal sentrum/Lagunen får status som regionsenter i den regionale planen. Meiner at Rådal sentrum/Lagunen oppfyller alle kriteria for å bli eit regionsenter i dag. Å ikkje gi status som regionsenter vil gi ein regional plan med stor kontrast mellom «kart og terreng». Meiner at Rådal sentrum/Lagunen som regionsenterkandidat styrkast ytterlegare gjennom ny kommunal reguleringsplan for området med bymessig utvikling og mange nye funksjonar utover handel, samt gjennom full effekt av etablering av regionalt knutepunkt for buss, bybane til Flesland og fortsatt folketalsvekst i Bergen sør.	Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
<b>Tilråding:</b>	Planen blir tilrådd endra i kap. 1 – det blir foreslått endringar i planen som gjer status for bydelssentera klarare.	

## Stord Næringsråd

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Meiner at planen har mange gode, gjennomtenkte tiltak, og vil vere eit godt verkøy for å setje fokus på utvikling av attraktive senter og næringsliv i dei enkelte kommunane.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Meiner klart at Sunnhordlandsregionen er tent med å samlast kring eitt sterkt regionsenter. Hovudargument for Husnes som nytt regionsenter i Sunnhordland er	Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.

	<p>slik ein les det avstand til eksisterande regionsenter Stord – men Stord næringsråd meiner at avstandsargumentasjonen synest noko konstruert jf. vedlagt kartanalyse som mellom anna viser kort reisetid mellom Husnes og Leirvik. Meiner at kapittel 1.3 Senterstruktur i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd. Saknar konsekvensvurderingar knytt til utvikling og styrking av viktige regionsenterfunksjonar og regionale institusjonar som HSH, Soren-skrivarkontor og Stord Sjukehus. Stiller også spørsmål til kva følgjer dette på sikt vil få for fylkeskommunen sine prioriteringar og bevillingar for regionen når det gjeld vidaregåande skule, tannhelseteneste og regionale idretts/kulturanlegg. Moglege konsekvensar for Leirvik som trafikkknutepunkt i Sunnhordland, og Stord som knutepunkt for trafikken Nord/Sør er heller ikkje omtala. I denne samanheng er det naturleg å nemna at det dårlege ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord må kortast ned, slik at ein får eit samband som næringslivet kan leva med.</p> <p>Ser at planen vekslar mellom å bruke Leirvik og Stord som namn på regionsenter i Stord kommune. Det er viktig at fylkeskommunen sine planar harmonerer med dei planane som er vedtatt av kommunestyret i Stord, kor det er Stord som er definert som regionsenter. Leirvik er ein tettstad, trafikkknutepunkt og sentrum i byen Stord.</p>	<p>Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>
<p>Kap 2 Attraktive sentrum</p>	<p>Peikar på at kva ein opplever som sentrumsutstrekning er avhengig av størrelsen på plassen ein er. Eksempelvis vil 1 km gangavstand opplevast som mykje kortare i Bergen sentrum enn for eksempel i Leirvik sentrum.</p>	<p>Takast til orientering og er elles i tråd med planskildringa i planforslaget, delkapittel 2.2.</p>
<p>Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod</p>	<p>Planen legg opp til samarbeid, samlokalisering av tenester på tvers av forvaltningsnivå og type tenester. Dette er positivt og har vore spelt inn frå Stord næringsråd ved fleire høve. Her bør Stord kommune og Hordaland fylkeskommune jobba tett saman. Fylkeskommune bør også ta et større ansvar overfor sentrale mynde for å påverke til gode løysingar for å få statlege desentraliserte tenester lagt til regionsentera.</p>	<p>Innspelet er i tråd med innhald og tiltak i planforlaget, og vert tema i oppfølgingsfasen etter vedtatt plan – innspelet takast elles til orientering.</p>
<p>Kap 4 Handel og kjøpesenter</p>	<p>Innhald i kapittel om handel og kjøpesenter må ikkje bli for bastant praktisert. Det er behov for fleksibilitet og det må takast lokale omsyn, i samarbeid med lokale mynde.</p>	<p>Sjå kommentar til Bergen kommune kor liknande innspel blir drøfta. Sjå også drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> og E) <i>Handel og kjøpesenter</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p>
<p><b>Tilråding:</b></p>	<p>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.</p>	

## Vest næringsråd

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Meiner at planen er god for vidare utvikling av attraktive senter og vekst innan handel, tenesteytande næring og reiseliv i fylket. Støttar planens prinsipp for senterstruktur, hovudmål og strategiar.</p> <p>Meiner at utviklinga av Sotra Kystby samsvarar bra med føringane i planen og slik forankring av utviklinga i overordna planverk er positivt.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Det er ein kritisk suksessfaktor at det offentlege tar aktivt del i utforming og finansiering av dei allmenne, urbane områda samt transportløyseringar i sentrum i regionsenter.	Takast til orientering – planen vektlegg samhandling mellom offentleg/privat som suksessfaktor i sentrumsutvikling. Planen vektlegg at det offentlege tek initiativ gjennom områderegulering og generell utvikling av sentrum.
Kap 2 Attraktive sentrum	Støttar opp om at samlokalisering av handel, tenester, fritidstilbod, arbeidsplassar og bustader vil skape attraktive senter.	Takast til orientering – dette er eit viktig punkt i planen.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	<p>Å sørge for at eit sentrum i regionane får eit breitt tilbod av offentlege tenester (både statlege, fylkeskommunale og kommunale) er eit viktig vilkår for å skape attraktive senter. Støttar opp om planens grunntanke om at rådhus, vidaregåande skule, private tenester, arbeidsplassar mv. er grunnlag for folkeliv i sentrum, god tilgjenge for folk og eit effektivt transportsystem.</p> <p>Næringslivet i vest er i sterk vekst og treng kompetanse – utdanningstilbod i sentrum vil vere attraktivt for søkjarar og samtidig styrke sentrum.</p>	<p>Takast til orientering – dette er sentrale punkt i planen.</p> <p>Takast til orientering.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## 4.4 Andre

11 andre har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden.

### Aanderud, Leif (privatperson)

**Fråsegn ved:** Leif Aanderud på vegne av 7 familiar og 3 grunneigarar på Maltvikaneset på Kleppestø

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Meiner planforslaget verkar som eit dokument for å posisjonere Hordaland fylkeskommune og kommunar i Hordaland som ikkje har ønskje om samanslåing til større einingar (jf. prosessar satt i gang av den sittande regjeringa).</p> <p>Planforslaget bør bli vurdert av alle kommunestyre i Hordaland.</p> <p>Det burde ha vore kommunestyra som gav oppdraget med å lage ein slik plan.</p> <p>Planforslaget bør bli ei valkampsak for 2015 slik at veljarane kan ta stilling til planforslaget.</p>	<p>Det var ikkje ein intensjon bak planarbeidet å gjere vurderingar knytt til temaet endring av kommunestruktur. Planen legg til grunn at regionsentera skal vere så robuste at dei vil fungere også om kommunegrensene blir endra.</p> <p>Alle kommunane i fylket skal ha hatt høve til å vurdere planforslaget i høyringsperioden juni-oktober 2014. Planprosessen fram mot høyringsfasen har lagt vekt på brei deltaking – både frå politisk nivå og frå kommunane generelt.</p> <p>Regional plan for attraktive senter er forankra i Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012, vedtatt av fylkespolitikarane i fylkestinget i desember 2010.</p> <p>Framdriftsplanen legg opp til vedtak av den regionale planen i fylkestinget i 2014 etter avslutta planprosess og høyringsperiode der alle innbyggjarar og høyringspartar har hatt høve til å kome med innspel til planforslaget. Ein legg ikkje opp til å endre framdriftsplanen.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Går på det sterkaste i mot planar om eit regionsenter på Kleppestø. Det er 15-20 minuttar i reisetid Kleppestø-Bergen, og 45 minuttar i reisetid frå Herdla (nord på Askøy) til Bergen. Vestlandet er ein region og Bergen er det naturlege regionsenteret for Hordaland og for Askøy – ein kan ikkje sjå behov for mange regionsenter i Hordaland. Ein finn ingen intensjonar, planar eller fakta som tilseier at Kleppestø vil oppfylle krava til tenestetilbod og oppgåver som eit regionsenter skal ha i følge planforslaget. Ser ikkje korleis Kleppestø skal kunne avlaste Bergen, anna enn som stad for bustadutbygging.</p> <p>Kleppestø har avgrensa areal til disposisjon (maks 100da). Storstilt utbygging på Kleppestø er urealistisk, og vil ha betydelege negative konsekvensar for natur, miljø og dagens bebuarar. I forslag til kommunal områdeplan for Kleppstø må 7 familiar på Maltvikaneset flytte frå hus og eigeidom. Meiner at nærast alle dagens</p>	<p>Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten. Alle kan framleis reise inn til mangfaldet av tilbod i fylkessenteret Bergen, men eit regionalt senter med godt tenestetilbod på Askøy kan gi innbyggjarane valfridom – ein treng ikkje alltid reise inn til Bergen dersom ein ikkje ønskjer dette.</p> <p>Utbygging av eit område er alltid ei endring – endringar vil stort sett alltid ha både positive og negative verknader for eksisterande miljø og busetnad. Det er kommunen som lokal planmyndigheit som vedtek den konkrete reguleringsplanen for vidare utvikling og utbygging av Kleppestø-området. Gjennom planpro-</p>

	<p>bebuarar på Kleppstø vil bli råka og risikere å måtte flytte om plan om nytt regionsenter på Kleppstø skal gjennomførast.</p> <p>Meiner det kan verke som om det er næringspolitiske interesser, med vekt på auka handelsverksemd, som er bakgrunnen for å fremje Kleppstø som regionalt senter. Meiner bebuarar på Kleppstø ikkje er interessert i ei utvikling som svekker Bergen som senter for handel og kulturliv.</p> <p>Meiner det kan verke som om bakgrunnen for å fremje Kleppstø som regionalt senter er å kunne gi økonomisk støtte frå fylkeskommunen til byutvikling i Kleppstø – meiner at slik støtte ikkje er ei fylkeskommunal oppgåve.</p> <p>Arbeid med «bybane på sjøen» og «ringveg nord» vil spreie vekst og utvikling over heile Askøy – dette er ei langt betre løysing og vil svekke Kleppstø som regionsenter-kandidat.</p>	<p>sessen skal ein vekte positive og negative konsekvensar for miljø og samfunn opp mot kvarandre, før ein tar ei avgjerd.</p> <p>Sjå merknad over om regionsenterstatus.</p> <p>Sjå merknad over om regionsenterstatus.</p> <p>Å utnemne Kleppstø som regionsenter er ikkje til hinder for vekst og utvikling av lokale senter andre stader i kommunen.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Demokratene Askøy

Fråsegn ved: Leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur</p>	<p>Meiner det er særst uheldig at den regionale planen vert utarbeida mens man diskuterer ny kommunestruktur og ber om at ein utsett vidare handsaming av planen til den nye kommunestrukturen er vedtatt i Stortinget. Det kan vise seg i ettertid at arbeidet med planen har vore totalt bortkasta. Planen kan virke forstyrrende på regjeringas arbeid med ny kommunestruktur. Peikar på moglegheita for at Askøy ikkje er eigen kommune etter kommunereforma og at det då blir rart om Kleppstø er eit regionsenter, men ikkje kommunesenter. Meiner at det er meir naturleg å sjå Kleppstø som eit slags bydelssenter til Bergen enn som eit regionsenter. Er Askøy ein region?</p> <p>Peikar på at det på Askøy blir det diskutert heftig om det er rett å investere milliardar i Kleppstø når framtidens befolkningsmessige og handelsmessige tettheit vil liggje langs aksen Stongafjellet (nord) og Ravnanger.</p>	<p>Sjå kommentar til Leif Aanderud over, som har gitt liknande innspel. Sjå også drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten. Ein har valt å behalde omgrepet regionsenter sjølv om 'regionen' berre er ein kommune mellom anna for å unngå å innføre heilt nye omgrep / fordi omgrepet regionsenter er godt innarbeidd.</p> <p>Sjå kommentar til Leif Aanderud over, som har gitt liknande innspel. Askøy kommune ønskjer Kleppstø som regionsenter og Kleppstø er kommunesenter – kommunen er lokal planmyndigheit og utarbeidar plan for utviklinga av Kleppstø.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	



## Forbrukerrådet

Fråsegn ved: Forbrukerrådet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Senterstrukturen bør leggjast opp slik at handelen er lett tilgjengeleg for kollektivkundar, fotgjengarar og syklistar.	Dette har vore eit viktig element i planarbeidet.
Kap 5 Transport	Understrekar viktigheita av at trafikkveksten i storbyområda takast av kollektiv, gange og sykkel. Miljøvenleg transport bør også vektleggjast utanfor storbyområda.	Dette er viktige element i planen og er i tråd mellom anna med <i>Kollektivstrategi for Hordaland</i> , <i>Regional transportplan for Hordaland</i> og <i>Regional areal- og transportplan for Bergensområdet</i> (under utarbeiding).
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Fylkeseldrerådet

Fråsegn ved: Leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Handlingsplanar er viktige for å nå måla, dei bør vere konkrete, og ein vonar at det frå fylkeskommunen si side vert budsjettet med midlar slik at handlingsplanane vert sett ut i livet.	Handlingsprogrammet er ein viktig del av oppfølginga av den regionale planen.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Er samd i hovedmål i planen, og i oppdelinga i fylkessenter og regionsenter. Kommunesentera er viktige når det gjeld kommunale tenester og daglegvarehandel.	Takast til orientering.
Kap 2 Attraktive sentrum	Eldre folk vil gjerne busetje seg i tettbygde strøk. Når det gjeld kvaliteten i bustadområde, bør ein, som planen seier, helst ikkje bu høgare enn i 5.etasje. Dette gjeld ikkje berre for barnefamiljar, men i høgste grad også for eldre menneske. I tillegg bør det vere heis.  Det bør leggjast stor vekt på gode møteplassar i lokalsamfunnet og at uteareala blir utforma estetisk og med trygge gangveggar. I nærleiken av tettstader bør det og vere gangstiar som eignar seg for eldre folk.	I tråd med planforslaget – innspelet takast elles til orientering.  I tråd med planforslaget som legg vekt på tilgjenge for alle gjennom universell utforming – innspelet takast elles til orientering.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Kommunesentera er viktige – særleg gjeld dette for helsetenester. Lege og helsehus bør samlokalisert, og tilbodet bør vere lokalisert der folk flest bur.	I tråd med planforslaget – innspelet takast elles til orientering.
Kap 4 Handel og kjøpesenter	Det er særst turvande med eit godt tilrettelagt kollektivt transporttilbod for eldre – mange eldre har ikkje sertifikat, og då vert dei avhengige av slekt eller vener for transport til eit kjøpesenter om dei ikkje kan reise kollektivt.	I tråd med planforslaget og eitt viktig moment, mellom anna i planens kapittel 4 og 5.
Kap 5 Transport	Er samd i at kollektivknutepunkt bør vere attraktivt, trygt og universelt utforma. Og taxitilbodet bør samlokalisert med kol-	I tråd med planforslaget – innspelet takast elles til orientering, men deler av innspelet ligg utanfor rammene for Regi-

	lektivknutepunkt. Bestillingsruter, slik det var ei tid, bør opprettast på nytt, særleg i distrikt- og utkantstrøk.	onal plan for attraktive senter..
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Hordaland Musikkråd

Fråsegn ved: Dagleg leiar / Styreleiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Er svært nøgd med at Hordaland fylkeskommune utarbeidar ein plan for attraktive senter. Fylkeskommunen har det regionale heilskapsblikket og verkemidla som skal til som utviklingsaktør – det blir tilrådd at fylkeskommunen nyttar det handlingsrommet ein er tildelt. Dette er t.d. viktig for å møte utfordringar knytt til folketalsvekst.	Takast til orientering. Også <i>Regional areal- og transportplan for Bergensområdet</i> som er under utarbeiding blir eit viktig reiskap for å møte utfordringar knytt til folketalsvekst.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	<p>Understrekar at eit attraktivt og berekraftig regionsenter er eit sosialt senter kor der er plass for mange frivillige kulturelle lag og organisasjonar. Kunst og kulturaktivitet, og «den kulturelle grunnmuren» i form av lokal infrastruktur til kultur, gir viktige synergieffektar.</p> <p>I reguleringsplanar må det avsettast areal sentralt i sentrum til lokale brukshus for kulturliv – gode øvings- og framføringslokale i bygg med låg terskel som ikkje er for dyre / utilgjengelege. Areal til kulturhus (t.d. dyre «prestisjebygg») vert mange gongar lagt til utkanten av sentrum – dette er ikkje bra for tilgjenge, fellesskap og folkeliv i sentrum.</p> <p>Det er venta stor folketalsvekst i Bergensområdet. Reine bustadbyer / sovebyar utan fritidstilbod i lokalmiljøet skapar ikkje berekraftige transportmønster, men gjer at folk må reise t.d. heilt inn til Bergen for å oppleve noko på fritida.</p>	<p>Dette er viktige element i Regional plan for attraktive senter.</p> <p>Poenget om tilgjengelege brukshus for kulturlivet vurderast som viktig og kan med fordel takast med – planforslaget endrast slik at punktet takast inn i planskildringa i kapittel 3 i planen.</p> <p>Både Regional plan for attraktive senter og <i>Regional areal- og transportplan for Bergensområdet</i> som er under utarbeiding har som viktig prinsipp at senter skal ha eit mangfald av funksjonar – ikkje berre bustad.</p>
<b>Tilråding:</b>	Planforslaget endrast slik at poenget om tilgjengelege brukshus for kulturlivet takast inn i planskildringa i kapittel 3 i planen.	

## Hæggernæs, Kurt J. (privatperson)

Fråsegn ved: Kurt J. Hæggernæs, innbyggjar i Klepppestø

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Sterkt kritisk til formulering i planforslaget (s. 3) om at retningslinene i planen «skal innarbeidast i kommunale arealplanar». Meiner at bruken av ordet «skal» i planen bryt med den kommunale handlefridomen. Innbyggjarar og lokaldemokratiet	Sjå drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.

	skal styre utviklinga av kommunen – fylkeskommunen kan ha forslag, men fylkeskommunen må ikkje detaljstyre og ordet «skal» bør fjernast.	
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Kleppestø skal ikkje bli regionalt senter i Hordaland – i staden kan Askøy bli regionalt senter. Heile Askøy oppfyller krava til å bli regionsenter – alt er mogleg å nå innan 1 times køyretid og har over 10.000 innbyggjarar. Ein må ta heile Askøy i bruk, mellom anna for å løyse problem med bustadmangel i Bergensområdet. Kleppestø har for lite areal til å utgjere ein forskjell i denne samanhengen.	Det er ikkje aktuelt å definere heile Askøy som regionalt senter. Senter er i planen ein stad med funksjonar som offentlege og private tenester, handel etc. som fungerer som eit knutepunkt i høve til eit omland. Regionale senter skal etter planen ha ei retningsgivande utstrekning på inntil 800m. Heile øya Askøy er altfor stor til å kunne bli eit kollektivknutepunkt, eller eit senter kor ein kan nytte gange og sykkel som transportmiddel mellom dei ulike tilboda. Punktet i planen om 1 times køyretid og over 10.000 innbyggjarar er krav sett til senteret/knutepunktet sitt omland (geografisk område som soknar til eit senter). Kleppestø er kommunesenter for Askøy og har i planprosessen vore den einaste kandidaten til regionsenter i kommunen. Kleppestø er utpeika som regionsenter av omsyn til folketal på Askøy og trong for å gjere kommunen meir sjølvforsynt. Å utnemne Kleppestø som regionsenter er ikkje til hinder for å bygge ut bustadfelt og lokalsenter andre stader i kommunen. Sjå også merknad til innspel ved Leif Aanderud. Sjå også drøfting under punkt B) Hovudmål, strategiar og senterstruktur i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Innbyggjarinitiativet Bevar Straume

Fråsegn ved: Liv Straume

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Meiner at intensjonen med planen er god, men at omsynet til livskvalitet og bumiljø blir nedprioritert til fordel for omsynet til næringsutvikling.</p> <p>Bebuarar bør få medverka langt meir aktivt i planprosessar i sitt nærmiljø.</p>	<p>Takast til orientering. Intensjonen bak planen har vore å fremje attraktive senter – både for fastbuande, besøkande og næringsverksemd. Mellom gruppene kan der finnast konflikhtar, men også viktige synergieffektar – den eine gruppa kan støtte opp om og ha fordel av den andre, og visa versa.</p> <p>Både planskilddinga i kapittel 2 og retningsline 2.2 legg vekt på viktigheita av brei medverknad i planlegginga. Retningsline 2.2 kan med fordel utvidast til å også omfatte bebuarar i sentrum.</p>
Kap 2 Attraktive sentrum	Fortetting må ikkje fortrenge rom for variert busetnad med både einebustader, rekkehus og blokker. Det bør ikkje byggast nybygg høgare enn 3 etasjar i tilknytning til eksisterande lågbebyggelse. God	Ønskje om fortetting og høg utnyttingsgrad vil alltid måtte balanserast mot behov for grønne område, lys, luft og andre viktige kvalitetar i eit område. Vurderingar må gjerast konkret i kvar enkelt sak. Inn-

	<p>avstand i form av grønne område og tilpassing/gradering av høgde er viktige element om ein byggjer over 3 etasjar i område som grenser til noverande busetnad.</p> <p>Senterområdet må framstå som «grønt» med rikeleg med mindre grønne lungar, både offentlege og private hagar, og med tilgang til fleire større nærturområde.</p> <p>Fryktar at planen set opp tal for akseptabel gangavstand (1 km) og sykkelavstand (5 km) som folk vil oppfatte som for lang avstand når dei handlar, hentar i barnehage, når veret er dårlig mv. Om avstanden blir oppfatta som for stor til å gå/sykle vil folk nytte bilen, og urbaniseringa vil gi sterk auke i biltrafikken i lokalmiljøa.</p> <p>For god trafikktryggleik er det difor ein føresetnad at lokalvegane innanfor senterområdet blir skilta med nedsett fart, opprusta til to køyrefelt, har fortau på begge sider (eventuelt gang- og sykkelveg) og at fortau og fotgjengarovergangar er opplyst.</p>	<p>spelet noterast, men førar ikkje til endingar i planen.</p> <p>Dette er eit sentralt element i kapittel 2 i planen – sjå elles kommentar over.</p> <p>Innspelet noterast – spørsmålet diskutert relativt grundig i planskildringa i kapittel 2 i planen. Lokale tilhøve har mykje å seie kva som blir oppfatta som lang og kort avstand, og lokal tilpassing og fleksibilitet vil alltid vere naudsynt. For den regionale planen held ein fast ved dei oppsette grensene, men på lågare plannivå må kvar sak sjåast konkret og andre grenser kan vere aktuelle.</p> <p>Kapittel 5 i planen legg sterk vekt på at mjuke trafikantar skal prioriterast.</p>
Kap 5 Transport	<p>Avstand frå fylkesveg/riksveg til kollektivknutepunkt i sentrum og til parkeringsanlegg i senterområda bør vere kortast mogleg.</p> <p>Tilkomstveg bør leggast utanom etablert bumiljø.</p>	<p>Er i tråd med overordna intensjon i planen om effektiv transport, innspelet noterast, men førar ikkje til endingar i planen.</p> <p>Er i tråd med overordna intensjon i planen om gode bumiljø, innspelet noterast, men førar ikkje til endingar i planen.</p>
<b>Tilråding:</b>	Planforslaget endrast slik at retningsline 2.2 utvidast til å også omfatte bebuarar i sentrum.	

## Kleppestø Vel

Fråsegn ved: Leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Ein regional plan vil legge juridiske avgrensingar på arealbruken i Askøy. Dette vil svekke den kommunale styringsretten.	Sjå kommentar til Kurt J. Hæggernæs som har gitt liknande innspel. Sjå drøfting under punkt A) <i>Generelt</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Kleppestø Vel er i mot at Kleppestø får status som regionsenter i planen. Spørsmålet om utviklinga på Askøy ytterlegare skal sentraliserast til Kleppestø må avgjerast av veljarane ved lokalvalet i 2015.</p> <p>Utveljinga av Kleppestø som nytt regionsenter gjerast utan underbyggjande dokumentasjon av behovet for et nytt</p>	<p>Sjå kommentar til Leif Aanderud over, som har gitt liknande innspel.</p> <p>Sjå kommentar til Leif Aanderud over, som har gitt liknande innspel. Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og</i></p>

	<p>regionalt senter tett opp til Bergen. Heller ikkje drøftast konsekvensane dette vil gi for framtidig utvikling av Kleppestø og av Askøy kommune. Det blir ikkje spesifisert korleis Kleppestø kan avlaste Bergen og kva for nye offentlege tenester som skal overførast til Kleppestø.</p> <p>Kleppestø ligg, og vil liggje, i ei bakevje kommunikasjonsmessig og i høve framtidig busettings- og kommunikasjonsmønster på Askøy. Planens juridiske bindingar vil føre til en uønskja sentralisering av nærings- og handelsverksemd til Kleppestø – dette vil svekke naudsynt utvikling av andre handelssenter og bygdar på Askøy.</p> <p>Kleppestø som stad er ikkje eigna for å utviklast til et nærings- og handelsmessig regionalt senter fordi topografien gir plassbegrensningar i høve til dei 640 mål planen spesifiserer som naudsynt areal for et regionalt senter – eksisterande landskapstrekk må raserast.</p> <p>Utvikling av Kleppestø til et regionalt senter vil gi auka biltrafikk til og frå Kleppestø. Dette vil krevje nye trafikkløysningar, og gi økt forureining og redusert bo- og livskvalitet på staden.</p>	<p><i>senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p> <p>Sjå kommentar til Leif Aanderud og Kurt J. Hæggernæs over, som har gitt liknande innspel. Askøy kommune ønskjer Kleppestø som regionsenter og Kleppestø er i dag kommunesenter. Sjå drøfting under punkt B) <i>Hovudmål, strategiar og senterstruktur</i> i den overordna drøftinga i del 2 i rapporten.</p> <p>Sjå kommentar til Leif Aanderud over, som har gitt liknande innspel. Planen set opp inntil 800m frå ytterkant til ytterkant som retningsgivande utstrekning for sentrum av eit regionsenter – dette er såleis ei maksimal-grense – planen seier ikkje at det er trong for areal på 800m x 800m for å lage eit velfungerande regionsenter.</p> <p>Kommunen er lokal planmyndigheit og utarbeidar plan for utviklinga av Kleppestø – her inngår også nye trafikkløysingar. Regional plan for attraktive senter har klare mål og retningslinjer som skal fremje senter som er gode å bu, gå og sykle i, samt hindre negative verknader av biltrafikk i sentrumsområda.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Kulturhusgruppen Askøy

Fråsegn ved: Leiar / gruppa

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Ønskjer ein levande og pulserande tettstad på Askøy og meiner at dette kan skje gjennom bevisst satsing på å realisere planane om eit kulturhus på Kleppstø.	Takast til orientering.
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	Kulturhuset kan vere ein motor i utviklinga av Kleppestø som regionsenter.	Takast til orientering.
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	<p>Støttar formuleringar i planforslaget om at eit kulturhus har ein viktig funksjon i samfunnet og i utviklinga av ein ny tettstad.</p> <p>Framhevar at samspill og synergjar mellom ulike aktørar og funksjonar er ein av nøklane for å lykkast med eit nytt sentrum og eit nytt kulturhus. Peikar difor på</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Takast til orientering. Planen legg vekt på at brei medverknad og samarbeid mellom offentlege instansar og mellom offentlig/privat er viktig element i utvikling av</p>

	<p>særlege område der ein etterlyser konkret samhandling med fylkeskommunen i høve publikumsretta tenester:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Terminal for kollektivreisande med buss og hurtigbåt til Bergen</li> <li>- Park'n ride anlegg – sambruk med kulturhus</li> <li>- Samarbeid med Askøy VGS</li> <li>- Den offentlege tannhelsetenesta (Florvåg og Kleppestø klinikkar slåast saman og flyttast til Kleppestø)</li> <li>- Regionalt kulturhus for Bergen Vest regionen</li> </ul>	<p>sentrum. Dei konkrete tema som nemnast vil bli vurdert i oppfølgingsfasen av planen.</p>
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fråsegn ved: Leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Planen er eit godt arbeidsreiskap vidare, med gode overordna og strategiske mål – ein ønskjer likevel at rådet vert involvert i alle prosessar vidare, små detaljar i planlegging/utforming kan vere avgjerande for tilgjenge for alle.</p> <p>Grunntankane om «folkehelse» ligg inne i planen, men omgrepet er heilt fråverande og burde koma tydelegare fram, spesielt i samband med bustad, fritid og transport.</p> <p>Peikar på at det er ein utfordring at særleg små kommunar manglar mykje kompetanse i høve planlegging av tilgjenge for alle. Ein del kommunar vil nok få slite med å utvikle sine kommunesenter og lokalsenter, då desse i stor grad har fått utvikle seg sjølv, utan noko særleg form for styring, og dette vil det bli vanskeleg å ta att.</p>	<p>Takast til orientering – brei deltaking/medverknad i sentrumsplanlegging er i tråd med planforslaget.</p> <p>Planskildringa i kapittel 3 nyttar omgrepet folkehelse i samband med betydinga av kulturliv. Omgrepet kan med fordel understreke ytterlegare og planforslaget endrast slik at omgrepet takast inn i planskildringa i kapittel 2 i planen.</p> <p>Takast til orientering – ein av intensjonane bak Regional plan for attraktive senter var å setje fokus på og fremje attraktive senter i fylket – ein viktig bakgrunnstanke var at velfungerande sentrum er viktig for både innbyggjarar, tilreisande og næringsliv.</p>
Kap1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur	<p>Planen viser på ein grei måte korleis ein tenkjer seg senterstrukturen i overskueleg framtid. Ein kan ikkje sjå at regjeringa sitt ønske om samanslåing av kommunar vil endra noko særleg på desse planane, men ein kan stille spørsmål om størrelsen på regionssentra (10.000 innbyggjarar) er i tråd med regjeringa sin kommunepolitikk.</p> <p>Dei fleste kommunane i Hordaland har så lavt kundegrunnlag at det berre vil vere snakk om lokalsenter og kommunesenter. I desse tilfella er det viktig at desse blir samlokaliserte slik at ein ikkje får konkurranse mellom desse. Dette er</p>	<p>Utviklinga framover i høve kommunereforma er såpass uviss at det var eit vanskeleg tema å gå detaljert inn i planen. Intensjonen var å laga ein plan som kunne stå seg også ved ein endra kommunestruktur. Innspelet takast elles til orientering.</p> <p>Dette er eit sentralt element i planen og innspelet er såleis i tråd med mål og verkemiddel i planforslaget. Allsidige senter med mange tilbod på ein plass er robuste, meir attraktive som målpunkt og minskar transportbehovet i kvardagen.</p>

	noko planen kan gi anbefalingar om. Det er synd om det skal bli slik at ein går ein plass for å få utført offentlege tenester og ein annan for å handle nødvendige varer.	
Kap 5 Transport	Ein ser positivt på at universell utforming er med som grunntanke, spesielt innan transport.	Takast til orientering.
<b>Tilråding:</b>	Planforslaget endrast slik at omgrepet folkehelse takast inn i planskildringa i kapittel 2 i planen.	

## Ungdommens fylkesutval

Fråsegn ved: Leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Ein stiller seg svært positive til planen slik som den er, og synest det er ein god plan.</p> <p>Ein ser på det som positivt at det blir satt fokus på at barn og barnefamiliar skal inkluderas i sentrumsområde i slik grad som planen legg opp til, men ønskjer at planen i større grad legg fokus på ungdom sitt behov i sentrum.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>I planprosessen kom det fram at mellom anna idrettshall, skule, handelstilbod, kollektivtilbod, kafé, bustader og ulike kulturtilbod var viktig for ungdom – men sidan dette også er viktig generelt sett/for mange grupper, så nemnast nok ikkje ungdom særskilt i samband med alle desse momenta. Gjennom planskildring og retningsliner i kapittel 2 understrekar planen at det offentlege har ei viktig oppgåve i å leggje til rette for planprosessar kor både næringsliv, private investorar, grunneigarar og befolkning – særleg unge og menneske med nedsett funksjonsevne – blir trekt med. Unge er trekt fram ein særleg viktig gruppe.</p>
Kap 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Det er svært positivt at det er sett fokus på kva tenester/fritid og kulturtilbod ungdom ønskjer i eit senter.	Takast til orientering.
<b>Tilråding:</b>	Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.	

## 5. Adressatar for høringa

### OFFENTLEGE INSTITUSJONAR

Avinor  
 Bjørgvin bispedøme  
 Fiskeridirektoratet  
 Forbrukerrådet i Bergen  
 Forsvarsbygg  
 Fylkeseldrerådet i Hordaland  
 Fylkesmannen i Hordaland  
 Fylkesrådet for funksjonshemma  
 Haugaland og Sunnhordland politidistrikt  
 Helse Vest RHF  
 Hordaland politidistrikt  
 Husbanken region Vest  
 Innovasjon Norge, Hordaland  
 Jernbaneverket Region Vest  
 Kystverket Region vest  
 MERKUR-programmet  
 NAV Hordaland  
 Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest  
 NSB AS  
 Rogaland fylkeskommune  
 Skatt Vest  
 Sogn og Fjordane fylkeskommune  
 Statens vegvesen Region Vest  
 Statsbygg Region Vest  
 Ungdommens fylkesutval  
 Vinmonopolet

### KOMMUNAR OG KOMMUNALE ORGAN

Kommunane i Hordaland (33)  
 Bergen og Omland friluftsråd  
 Bergen og Omland havnevesen  
 Gode Sirklar AS  
 Hardangerrådet  
 KS Hordaland  
 Regionrådet Nordhordland  
 Regionrådet Vest  
 Samarbeidsrådet Aurland – Vik - Voss, c/o Voss kommune  
 Samarbeidsrådet for Sunnhordland

### RELEVANTE FAGMILJØ

Bergen Arkitektskole  
 Handelshøyskolen BI  
 Høgskolen i Bergen  
 Høgskolen Stord/Haugesund  
 Kunsthøgskolen i Bergen  
 Norges Handelshøyskole  
 Universitetet i Bergen v/ geografisk institutt, region- og regionalisering

### INTERESSEORGANISASJONAR

Bergen bolig- og byplanforening  
 Bergen Turlag  
 Det felles innvandrerådet i Hordaland  
 Fortidsminneforeningen i Bergen og Hordaland

Hordaland barne- og ungdomsråd  
 Hordaland barne- og ungdomsråd  
 LO distriktskontor i Hordaland  
 NAF Region Vest  
 Nasjonalforeningen for folkehelsen, Fylkeskontoret Hordaland  
 Natur og Ungdom Hordaland  
 Naturvernforbundet Hordaland  
 Naturvernforbundet Hordaland  
 Noregs Lastebileier-Forbund  
 Norges handikapforbund  
 Norges Miljøvernforbund  
 Norges Taxiforbund avd Hordaland  
 Syklistenes landsforening, Bergen og omegn  
 Trygg Trafikk Hordaland Fyllingsdalen

### NÆRINGSORGANISASJONAR

Bergen Næringsråd  
 Bergen Reiselivslag  
 Bjørnefjorden Næringsutvikling, c/o Business Region Bergen  
 BKK AS  
 Bremnes Sentrum AS  
 Business Region Bergen  
 Bømlo Næringsråd  
 Eidfjord Utvikling  
 Fjord Noreg AS  
 Fusa Utvikling  
 Gulen og Masfjorden Utvikling AS  
 Hordaland Bonde- og Småbrukarlag  
 Hordaland Bondelag  
 Kvam Næringsråd  
 Kvinnherad næringssservice  
 Leirvik sentrumsforening  
 Meland utbyggingsselskap as  
 Mongstad Næringshage  
 NHO Hordaland  
 NHO Reiseliv Vest-Norge  
 Nordhordland Handverk- og Industrilag  
 Norheimsund Næringslag  
 Næringsalliansen i Hordaland  
 Næringshagen i Odda  
 Osterfjord Næringsssamarbeid  
 Stord Næringsråd  
 Sveio Næringssservice, c/o Sveio kommune  
 Tysnes Næringsråd  
 Vaksdal Næringssselskap  
 Vest næringsråd  
 Voss Næringshage

### SENTRUM- OG HANDELSORGANISASJONAR

Bergen Sentrum  
 Leirvik sentrumsforening  
 Norsk Sentrumsutvikling  
 Odda Handelstandsforening  
 Virke Hovedorganisasjonen



Voss Sentrum

**KJØPESENTER**

Amfi Os  
Amfi Stord  
Amfi Voss  
Askøy Senter AS  
Bergen Storsenter  
Blomsterdalen Senter  
Bytunet, Leirvik  
Bømlo Storsenter  
Drotningsvik Senter  
Etne Senter  
Fanatorget  
Fjord'n Senter  
Galleriet  
Gullgruven Senter  
Heiane Storsenter  
Husnes Storsenter  
Kilden Senter  
Kleppestø senter  
Kløverhuset  
Knarvik senter  
Lagunen Storsenter  
Laksevåg Senter  
Lindås Senter  
Nesttunsenter/Askøy  
Oasen Senter  
Osterøy Senter  
Ravnanger Senter  
Rong Senter  
Sartor Storsenter  
Sletten Senter  
Strusshamn senter  
Sund Senter  
Sundt Motehus

Telegrafan  
Vestkanten Storsenter  
Xhibition  
Øyrane Torg  
Åsane Storsenter

**EIGEDOMSELSKAP**

Bara eiendommer  
Bergen og Omegn Boligbyggelag  
Bergen Tomteselskap as  
Entra eiendom  
Kløver eiendom  
OBOS Hordaland  
Olav Thon Gruppen  
Sartor Holding  
Stor-Bergen Boligbyggelag  
Vestbo

**LOGISTIKKSELSKAP m.m.**

Asko Vest AS  
Bring  
CargoNet Group  
DB Schenker NorwaY  
Logistikk og Transportindustriens Landsforbund,  
Region Bergen  
Posten as  
Tollpost Globe AS  
Transportbedriftenes Landsforening, Hordaland

**HANDELSKJEDAR**

Coop Hordaland  
ICA Norge  
NorgesGruppen  
Rema 1000 Region Vest